

## Samlar maten

I Sveio jobbar dei med å utnytte lokal matproduksjon best mogleg.

s. 19

## Suksess med bok i butikk

Vindafjord bibliotek ville gi lånarane sine eit tilbod i grenda der dei bur, og starta med ordninga «Bok i butikk».

s. 3

## Mangfaldig språkår

Så langt er det planlagt rundt 100 forskjellige arrangement i Språkåret 2013.

s. 10

## Robek



Foto: KaVass

I totalt 12 år har Jølster kommune i Sogn og Fjordane vore under statleg økonomisk styring.

• Sjå s. 16 - 17

## Leiaren




Foto: Johnny Syversen/KS

Sjølv om han forlèt KS, har Halvdan Skard framleis nokre år att som lokalpolitikar i Bærum.

• Sjå s. 12 - 13



Foto: colourbox.no

# Ei utfordrande tid for nynorsken

Nynorskommunen Bykle vurderer å bli språkleg nøytral. La dei tilsette få skrive på den målforma dei ønskjer, er argumentet på den eine sida. Det kan spenne bein for nynorsken på skulane, fryktar den andre sida.

Side 6 - 7

Utdanningsdirektoratet ville kutte i sidemålsundervisinga. Det fekk sinna i kok hos nynorsktilhengarane og sympatierklæringane for nynorsk til å strøyme over landet. Mållagsleiaren er sikker på at regjeringa ikkje kjem til å følgje tilrådinga frå Utdanningsdirektoratet når den nye læreplanen for norsk skal lagast.

Side 8 - 9

BRUK  
LNK  
KORTET

Kommunekonferansen 8. og 9. mars 2012 Trondheim  
**Norske kommuner i en urolig verden**

KLP  
Kommunekreditt

Program og påmelding: [www.klp.no/bedrift](http://www.klp.no/bedrift)



## Solskin og song

Vi kjem stadig tilbake til det, dette språklege mangfaldet vi har her i landet, som er «noen til er-grelse, andre til trøst», for å sitere Alf Prøysen. Rett nok snakka Prøysen om gatesongarar og ikkje om språket. Og det kan ofte kjennest som det er langt mellom «solskinn og sang og gittarklang for alle penga» for nynorskbrukarane rundt om i landet. Harselasen, spotten og latterleggjeringa heng laust og kjem like gjerne frå politikarar som frå anonyme debattantar på nettet.

**Dessverre er det slik** at mykje av sidemålsdebatten, som i praksis er ein nynorskdebatt, til tider blir vel mykje prega av synsingar og tullprat. Argumenta som blir brukte, er gjerne tufta på myter, tru og rykte på bae sider av bordet. «Nynorsk passar så godt i dikt» er kroneksempelen på kva tøv som kan kome opp i det som burde vere nyanserte, balanserte og opplyst diskusjonar. Samstundes er dikt-argumentet eit relativt mildt og snilt argument samanlikna med det hatet og den grenslause irritasjonen nynorsken kan vekke i mange ordsfalte, spesielt på nettet, men òg i media og rundt kafébord.

Ein av journalistane i hverande avis opplevde ein gong å bli teken hardt i armen og rista litt i av ein mann som la for dagen eit svært ektefolt sinne mot nynorsk-røsla. Ho tok seg ikkje veldig nær av det, og verre ting har sjølvsagt skjedd mellom motstandarar. Men det er då verkeleg ikkje vanleg folkeskikk å drive slik.

**Desto hyggelegare** er det å kjenne på den vinden som ser ut til å blåse mildt over nynorsken om dagen. Etter at nynorskforlaget frå utdanningsministeren kom for ein dag for nokre veker sidan, har nynorsken opplevd å få god støtte frå fleire hald, og kanskje mest oppsiktsvekkande: frå VG.

«Det er et privilegium for et lite land å ha to sidestilte skriftspråk», seier VG på leiarplass. At dette kjem frå ei avis som i praksis ikkje let sine egne journalistar skrive nynorsk, er overraskande, men likevel gledeleg. Det er lov å ha to tankar i hovudet på ein gong. Endå viktigare er det når debattredaktøren i VG seier ho har funne att språket sitt og ønskjer å bruke det meir. Dette er sjølvsagt vakre tonar i nynorske øyre og uansett eit langt betre grunnlag for viktige diskusjonar enn «spynorsk mordliste»-snakket, som berre er eigna til å spisse konfliktane.

Vi må ikkje vere redde diskusjonane. Alt er ikkje berre bra med språkpolitikken vår, men alt er ikkje berre elendig, heller. Det kan vere klokt av nynorskens våpendragarar å vere «djevelens advokat» og skjele kritisk også til eigne argument. Nynorsken kan ikkje overleve på rein proteksjonsisme.

# Noko med språk



**Jens Kihl**  
Tidlegare prosjektleiar for  
Språkåret 2013

KRONIKK

Ivar Aasen inviterer til 200-årsdag og har bede ein 25-åring frå Oslo vest om å vere partifyksar. Velkomen til Språkåret 2013.

Det er februar 2011, og eg stryk skjorter. Midt inne i arbeidet med eit litt uregjerleg erme ringjer telefonen, og for eg får teke han, har den som ringte, lagt att ei melding om at eg må ringje opp att. Det var Ottar Grepstad, og han ringte ikkje berre for å skravle. Dersom vi spolar to månader fram i tid, har eg plutsleg fått jobb som prosjektleiar for Språkåret 2013 og skal vere sekretær for ei styringsgruppe med mange av dei fremste – og beste – språkpane i landet.

200-årsjubileet til Ivar Aasen og 100-årsjubileet til Det Norske Teatret skal saman danne utgangspunkt for ei brei og rik feiring av alt norsk språk og språk i Noreg. Vi skal bli språkleg rausare med kvarandre, og nynorskbrukarar skal bli litt rettare i ryggen. Sjefen seier han vil ha 2013 arrangement i år 2013. Det er så stort at for ein liten mann er det nesten umogleg å skjønne. Slik planen er no, inviterer vi til ein 365 dagar lang heime-åleine-fest for opne dører i Nynorskens hus. Eg veit ikkje heilt kva type fest han ville ha ynskt seg, men eg reknar med at han ville ha ynskt seg noko med språk.

Eg kan ingenting om jubileumsbransjen. Ja, det tok litt tid i stillinga for eg oppdaga at det fanst ein jubileumsbransje i Noreg. Men eg er ganske god på å gå på fest, og eg er veldig glad i alskens språk – og med eit særleg stort hjarte for nynorsken. Så med desse to kjernekompetansane i bagasjen la eg ut på tur for å snakke med mange titals ulike miljø og fortelje dei kvifor det var viktig at nett dei gjorde noko i Språkåret 2013.

Eg kan liste opp nokre funn etter denne feltstudien i norsk kultur-, utdannings- og samfunnsliv med tilliggjande herlegdomar:

Ein går veldig lei av å høyre seg sjølv halde den same innleiinga 70 gonger. Den same vitsen er ikkje like gøyale å fortelje etter fem månader på vegen.

Nynorskbrukarar er jamt over opptekne av å breie ut perspektiva, medan bokmålsbrukarar over heile

landet har – uavhengig av kvarandre – konkludert med at det er nynorsken sin tur i 2013.

Målsak er litt som fleinsopp: Folk blir spinnville og fulle av idear. Språkåret 2013 har klare og viktige politiske siktemål, men i undersogning av tiltak kan eg ope og ærleg innrømme at det berre finst ein raud tråd: noko med språk.

Eg folte botnen var nådd då eg sat med feber på Molde folkebibliotek og panikkskreiv sakspapir til styringsgruppa – dagevis etter sakspapirfristen, høg på Paracet og langt heimanfrå. Høgdepunkta har det derimot vore mange fleire av, og dei knyter seg til alle dei møta der Språkåret 2013 plutsleg har blitt til røyndom og levd sitt eige liv, der nye, store idear har oppstått, og perspektiv eg ikkje ante eksisterte, framstår som sjølvsegte og naudsynte.

Kva er resultatet etter eit halv årsverk arbeid, nokre tusen kilometer med reise og veldig mykje overtidsmat frå Fjordland?

Ei breitt samansett styringsgruppe har sendt frå seg ei tilråding som styret i Nynorsk kultursentrum har slutta seg til på så og seie alle punkt. Og her om dagen fekk eg halde den endelege rapporten på hundre sider i handa rett for ho skulle leverast i Kulturdepartementet. Eg innrømmer gjerne at eg skalv litt – dette er store greier for ein kar som meg.

## Eit slikt lyft kan ikkje målast i kroner, arrangementstal, spørjeundersøkingar eller røysetal i Stortinget.

For nøyaktig seksten og ein halv million kroner kan Noreg få eit språkleg lyft for nynorsk, dialektar, urfolksspråk, minoritetsspråk, innvandrarspråk, teiknspråk, nabospråk og framandspråk – ja, til og med for bokmål. Eit slikt lyft kan ikkje målast i kroner, arrangementstal, spørjeundersøkingar eller røysetal i Stortinget. Det kan berre målast når du kjenner etter sjølv og veit at du er bittelitt meir stolt av å bu i eit land som tek språkmangfaldet på gleden og alvor.

Vi har utfordra alle samarbeidspartnarar, vener og idealistar til å gjere tilskodarane til deltakarar. Vi har diskutert store perspektiv og ørsmåe detaljar. Vi har vore yrande samde og rykande usamde. Og vi har – så vidt eg kan skjønne – gjort kva gjerast skulle. Kvifor? Av di vi veit at det engasjerer når det er noko med språk.

# Dobla utlånet med bok i butikk

**For eitt og eit halvt år sidan byrja biblioteket i Vindafjord med ordninga «Bok i butikk». Ordninga har blitt godt motteken av lånarane, som nå kan få kva bok dei ønskjer, til ein butikk i grenda si.**

AV ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

For sju år sidan blei dei to rogalandskommunane Ølen og Vindafjord slått saman til ein kommune. Etter samanslåinga blei stadig fleire bibliotek lagde ned i dei ni grendene rundt om i kommunen. Til slutt sat kommunen att med eitt bibliotek, i kommunesenteret Ølen.

– Det blei ei utfordring for oss korleis vi skulle klare å gi lånarane våre eit tilbod der dei budde. Det var då ideen om prosjektet «Bok i butikk» dukka opp, fortel biblioteksjef Any T. Heggebo til LNK-avisa.

Dei byrja å prøve ut ordninga, der lånarane kan tinge den boka dei ønskjer, heime på pc-en eller ved å ringje til biblioteket. Med lånekortet følger eit brukarnamn og eit passord. Når lånarane har logga seg på, kan dei leite i biblioteket sin katalog og finne bøkene dei ønskjer. Så tingar dei boka og kan kanskje allereie same dagen ta turen til den lokale Joker-butikken eller Shell-stasjonen og hente ho.

–Vi fører statistikk over kor mange bøker som blir tinge og køyrde ut, kor mange som kjem inn via innleveringsboksane, og kor mange som låner bøker gjennom «Bok i butikk». Vi ser heilt klart ein auke. Det har auka litt om litt, men nå kan eg sjå at vi har dobla både utlånet og innleveringane i butikk sidan starten, seier biblioteksjefen.

## GODE TILBAKEMELDINGAR

– *Kven er det som nyttar seg av «Bok i butikk»?*

– Det er ofte litt eldre folk, dei som var flittige brukarar av biblioteka ute i grendene før dei blei lagde ned. Vi ser også at dei litt yngre er flittige brukarar, seier Heggebo.

Ho peikar på at «Bok i butikk» dessutan er ei god ordning for folk som tek vidareutdanning og kan få studielitteratur levert gjennom biblioteket til den lokale butikken deira.

– *Korleis er tilbakemeldingane frå lånarane?*

– Vi får veldig gode tilbakemeldingar. Folk rundt i dei mange grendene våre har etter kommunesamanslåinga opplevd at både post, bank, bibliotek og butikkar blir lagde ned i bygda si. Då er dei veldig glade med at vi kan gi dei eit aktivt tenestetilbod der dei bur, seier biblioteksjef Heggebo.



**POPULÆRT TILBOD:** Biblioteksjef i Vindafjord kommune, Any Tordis Heggebo (t.h.) er godt nøgd med å kunne gje alle innbyggjarane i Vindafjord eit tenestetilbod der innbyggjarane bur. Her saman med Gunn Marit Hårde. (Foto: Guri Ravatn)

Ho fortel vidare at tilbakemeldinga frå den kommunale administrasjonen og lokalpolitikarane har vore god.

## BØKER FRÅ HEILE LANDET

I tillegg til at lånarane kan tinge bøker i biblioteket sin eigen katalog, kan også dei lokale biblioteket skaffe bøker frå bibliotek i heile landet. Dei lånarane som har nasjonalt lånekort, kan tinge bøker frå bibliotek i heile landet sjølv.

Biblioteket i Vindafjord søkte Nasjonalbiblioteket om støtte til prosjektet «Bok i butikk» etter at dei hadde prøvd det ut eit halvt år, og fekk 170 000 kroner for rundt eitt år sidan.

Desse pengane blir brukte til den 20 prosent store stillinga som er knytt til prosjektet, og til transportutgiftene til levering og henting av bøker.

Ein bebuar i bufellesskapet Sandeidtunet køyrer til dei fem butikkane og bensinstasjonane som er med på prosjektet, og leverer ut og hentar bøker. Desse fem utlånstasjonane har eigne innleveringsboksar for bibliotekbøker.

Tilsette ved biblioteket i Vindafjord er ute og lærer opp lånarane sine i korleis dei kan bruke «Bok i butikk». Dei er i 8. klasse kvart år og på datakurs for eldre og informerer om korleis utlånstystemet fungerer.

## ENGASJERTE UNGDOMMAR

I sju veker nå i haust har biblioteket engasjert elevane i andre klasse mediefag på

Etne vidaregåande skule. Desse har jobba med å lage ein reklamefilm for ordninga «Bok i butikk».

Det var ikkje lett for bibliotekar Guri L. Ravatn og biblioteksjef Any Heggebo å bestemme seg for kven som skulle kronast til vinnar. Alle dei tre filmene imponerte dei med ei god blanding humor og informasjon. Men ein av dei tre skilde seg ut.

– Filmen med plastilin var morosam, fengjande og gjev oss lyst til å sjå meir og vite meir. Han pirrar nysgjerrigheita og er akkurat det me ser etter, sa Ravatn då ho annonserte vinnarlaget for andreklassingane ved Etne vidaregåande skule.

Nadine Wittek, Ingeborg Gussiås og Marit Kristine Steine laga vinnarvideoen, og denne er publisert både på Youtube og Facebook-sida til Vindafjord bibliotek.

Prosjektet «Bok i butikk» jobbar nå med å lage ei heimeside. Men sjølv om sjølv prosjektperioden er over 31. juli, sluttar ikkje ordninga der.

– Vi kjem til å halde fram med denne ordninga, men vi kan ikkje kvile på laurbæra. Vi må ut og fortelje om ordninga; vere offensive og marknadsføre og vidareutvikle oss, slår Heggebo fast.

Biblioteket i Vindafjord har også fleire prosjekt på gong.

Dei har mellom anna prøvd ut bokutlån på campingplassar, og på Westcon, den største arbeidsplassen i kommunen, har dei eit arbeidsplassbibliotek.

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk DAG OG TID-lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.





Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

## HØVISKE ORD

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen vurderer – på bakgrunn av eit notat frå Utdanningsdirektoratet – å tona ned satsinga på sidemål for å styrkje hovudmålet og satsa sterkare på norskfaget. Statsråden meiner det er urealistisk å krevja at elevane skal vera like gode i hovudmål og sidemål, og ønskjer ein tydelegare og mindre omfattande læreplan.

Dette har ho sjølv sagt rett i, og læreplanen treng sårt til ei revidering. I dag lærer mange av dei som har nynorsk som sidemål, ikkje eingong dei grunnleggjande elementa i faget, av di dei knapt får undervisning i språkforma. Norskfaget har teke opp i seg så mange sjangrar og tema at det ikkje vert tid til å undervisa i alt, og dette ser ut til systematisk å gå ut over opplæringa i sidemål.

Me ønskjer såleis arbeidsgruppa som no skal laga utkast til ein ny læreplan i norsk, lukke til med arbeidet og vil vona at dei går djupare inn i problemstillingane enn det Utdanningsdirektoratet ser ut til å ha gjort – så langt. Tida er overmoden for endring av norskfaget, men så er det

## Sagt i media:

## Karakterkrav eit minimum

«Et minimumskrav er at sidemålet har sin egen karakter. Etter mitt syn vil noe annet være et løftebrudd, og jeg kan ikke skjønne at verken SV eller Ap kan akseptere det. Sp har programfestet at elevene skal ha karakterer i både hovedmål og sidemål. (...) Hvis en tar bort en egen karakter i skriftlig sidemål, vil det virke direkte negativt for nynorskens posisjon, seier Håvard Øvregård i Noregs Mållag til Dagsavisen.»

## Tid for endring av norskfaget?

dette med skilnaden på å barbera seg og skjera av seg haka.

Den største endringa kunnskapsministeren skal vurderer i løpet av det neste året, er nemleg å fjerna standpunktarakterar og eksamen i sidemål. Dette er ein sær sær dårleg ide og vil i praksis vera å rokka ved sjølve prinsippet for jamstelling av nynorsk og bokmål – stikk i strid med gjeldande norsk språkpolitikk. Me er sterkt kritiske til at ein faginstans som Utdanningsdirektoratet ser ut til å la fordømmar og populisme få styra utviklinga av det norske språket ved å redusera kunnskapskravet i basisfaget norsk.

Ei tilnærming til omorganisering av norskfaget slik Kristin Halvorsen no tek til orde for, vil få konsekvensar langt ut over skuleverket. Lat oss ta eit døme frå ein av medlemskommunane våre: Bykle Arbeidarparti har kome med framlegg om at Bykle skal gå frå å vera nynorsk til språk-øytrale kommune. Hovudargumentasjonen var at det er så få saksbehandlarar som kan nynorsk – og at potensielle søkjarar til kommunale stillingar kvir seg for å søkja når dei

veit at dei ikkje kan språkforma. Ei likestilt språkform som dei altså skulle ha fått opplæring i gjennom fem år på ungdomsskule og vidaregåande. Det er noko fundamentalt gale med norskfaget generelt og med sidemålsopplæringa for bokmålslevar spesielt. Noko må altså gjerast.

Me er ikkje usamde i at norskfaget har blitt ein mastodont og har teke opp i seg alt for mykje marginalt stoff. Pensum kan med fordel kuttast ned, slik at elevane kan bruka meir tid på å læra basisdelane av faget. Det betyr ikkje at ein skal kutta ned på krava til kunnskap i nynorsk og bokmål – snarare tvert om: Ein gjer ikkje ein elev flinkare i norsk ved å gi han eller ho mindre norskopplæring!

*Me er ikkje usamde i at norskfaget har blitt ein mastodont og har teke opp i seg alt for mykje marginalt stoff.*

## For defensivt

– Du blir ikkje betre i språk av å læra mindre språk, seier Audhild Gregoriusdatter Rotevatn, til Dagsavisen. Rotevatn er dagleg leiar i Allkunne og meiner framlegget frå Halvorsen er «veldig defensivt».

– Det å vera sterk i norsk, både bokmål og nynorsk, er ein føresetnad for å lukkast også i andre fag, seier Rotevatn og viser til alle fordømmane rundt nynorsk: – Er du dårlig i nynorsk, er det nynorskens feil. Er du dårlig i fransk, er du en latsabb.

Kanskje bør departementet heller gå inn i kjernen av problemet og gjera noko med norskfaget i lærerutdanninga. Her har det vore ein alt for låg standard i fleire generasjonar, og me slit med konsekvensane av dette i norsk skule i dag. Gi norsk lærarar høgare løn og status, men set krav til kunnskap og motivasjon.

Frp og Høyre har signalisert at dei vil gjera sidemål (les: nynorsk) valfritt om dei kjem til makta i 2013, trass i sterk motstand i egne rekkjer lokalt. Dei tre regjeringspartia gjekk derimot til val på at dei skulle styrkja nynorsken og arbeida for meir likestilling mellom nynorsk og bokmål. Lat oss håpa at utspelet frå Kristin Halvorsen fører til ei faktisk styrking av faget norsk.

## Stavanger på topp

For sjuande året på rad er Stavangerregionen vinnar av NæringsNM, NHO si rangering av fylke, regionar og kommunar i høve næringsutvikling.

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

Ullensaker er vinnaren av NæringsNM for kommunar i 2011, medan Sør-Trøndelag er det fylket som er best på næringsutvikling. Regionane, kommunane og fylka blir målte etter talet på nyetableringar, lønsemd, vekst og storleiken til næringslivet. Det er Telemarksforsking som har utarbeidd NæringsNM for Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) for åttande gong. I NæringsNM 2011 blir Stavangerregionen følgd av Trondheimsregionen og Ålesundsregionen på andre- og tredjeplass.

Bak Ullensaker kommune kjem Sandnes og Sola. Når det gjeld fylka, kjem Oslo på andreplass og Rogaland på tredje.

Ilfølge rapporten Telemarksforsking har utarbeidd, har Stavangerregionen vore den klart beste næringsregionen sidan 2000. Trondheimsregionen og Kristiansandsregionen følgjer på andre- og tredjeplass.

– Lista over dei 20 beste næringskommunane etter 2000 viser same monstret som for regionane ved at dei fleste kommunane er lokaliserte nær ein av dei største byane. Det er spesielt mange kommunar rundt Stavanger, som er den femte beste næringskommunen dei siste ti åra. Sola på førsteplass og Sandnes på tredjeplass grensar alle til Stavanger, skriv prosjektleiar Knut Vareide i Telemarksforsking i rapporten.

## OLJE OG GASS GIR NYSKAPING

– Det er tre årsaker til at Stavangerregionen har så god næringsutvikling og har hatt det dei siste 10 åra. Konsentrasjonen av olje- og gassnæringa i regionen er den viktigaste faktoren, med ein skog av underleverandørar til bransjen. Elles er tradisjonen for gründerskap i regionen ein faktor. Summen av landbruksbakgrunn og ein maritim bakgrunn kombinert med ei praktisk tilnærming gjer at aktørar kan tilby høgteknologiske løysingar til olje- og gassbransjen. Den siste faktoren er at vi er flinke til å samarbeide. Politkarane verdset næringslivet og legg til rette for næringslivsutvikling. Det gjer at det er attraktivt og lettare å drive her i regionen, slår administrerende direktør i Greater Stavanger, Jan Soppeland, fast.

Greater Stavanger blei oppretta av 15 kommunar og Rogaland fylkeskommune for fire år sidan.

– Vi er eit verk tøy som kommunane og fylkeskommunen har etablert som eit bindeledd mellom seg sjølv og næringslivet. Vi prøver å finne ut kor skoen trykkjer for næringslivet, slik at vi kan endre på rammevilkåra frå kommunane og fylkeskommunen si side, seier Soppeland.

Greater Stavanger jobbar for nyskaping, slik at næringslivsidear kan bli til prosjekt og ikkje berre stoppe opp i idéfasen. Det interkommunale selskapet jobbar dessutan aktivt med internasjonalisering og



MARITIM: Stavangers maritime og landbruksmessige bakgrunn er noko av grunnen til at kommunen og regionen bevdar seg. (Foto: Max Froumentin)

med å gjere allereie eksisterande selskap merksame på nye marknader.

Administrerende direktør, Jan Soppeland, meiner partnarkommunane og fylkeskommunen har gjort eit modig og naudsynt val ved å opprette Greater Stavanger.

– Andre regionar som vi gjerne samanliknar oss med, har organisert arbeidet med næringsutvikling på denne måten lenger enn oss, medan vi ser at nye nå kjem etter. Det er ikkje tvil om at dette er ein god måte å gjere det på, slår han fast.

## EKSPANSIVE ULLENSAKER

Ullensaker kommune er ein av kommunane i Noreg som veks raskast. Kommunen har nå 31 000 innbyggjarar og har dei siste åra vokse med 1000 innbyggjarar årleg. Innan 2030 vil det vere 50 000 som bur i Ullensaker. Kommunen ligg på Øvre Romerike, 25 kilometer frå Oslo. Noregs hovudflyplass, Gardermoen, ligg i kommunen.

– Vi er godt nøgde med å få god plassering i NæringsNM dette året også, slik vi har gjort dei siste åra, seier plan- og næringssejef Elisabeth Frøyland til LNK-avisa.

Gardermoen er med sine 13 000 tilsette den største arbeidsplassen i kommunen. – I 2011 reiste 25 millionar passasjerar over Gardermoen, og dette talet vil passere 55 millionar i 2030. For kvar million passasjeretalet aukar med, blir det oppretta rundt 800 nye arbeidsplassar, fortel plan- og næringssejefen.

Ullensaker er i ei særstilling på grunn av dette. Elisabeth Frøyland sin jobb går mest av alt ut på å leggje til rette for den enorme veksten i både arbeidsplassar og folketal.

– Det blir lita tid til å vere næringssejef. Eg jobbar mest med planar; å leggje til rette for næringsliv og bustader med attraktive område og infrastruktur. Dette samsvarer også med valet politkarane har gjort for kommunen. Vi skal vere ein ja-kommune, og her er det plass til alle, slår Frøyland fast.

Nå jobbar kommunen med å utvikle Gardermoen Næringspark på 5000 dekar. Her skal mellom anna austlandslageret til butikkjeda Coop opne om eit par år.

– Vi jobbar aktivt for å prøve å halde tritt med utviklinga i kommunen, samstundes som vi legg til rette for utvikling mange år fram i tid, seier plan- og næringssejefen i Ullensaker kommune. – Nå jobbar vi også for å få fleire kompetansearbeidsplassar til kommunen, det har det ikkje vore så mange av i Øvre Romerike.

## KOMPETANSE I SØR-TRØNDELAG

Randi Reese (SV) er i fylkestinget og fylkesutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune, ho er også leiar av den regionale utviklingskomiteen.

– Eg trur noko av årsaka til at Sør-Trøndelag gjer det så bra når det gjeld næringsutvikling, er at vi har gode føresetnader gjennom eit godt landbruk, unike utdannings- og kompetanseinstitusjonar og eit godt samarbeid med andre regionar som Nord-Trøndelag og Midt-Noreg elles, seier komitéleiar.

– Viss ein skal få til noko i fylket, må det vere levedyktige lokalsamfunn, og det har fylkeskommunen lagt til rette for gjennom ein desentralisert skulestruktur når det gjeld vidaregåande skular. Fylket har også ein god motor i Trondheim by, held ho fram.

## JAMNARE FORDELING

Resultata som kjem fram i NæringsNM 2011, viser at næringsutviklinga i Noreg er jamnare fordelt enn tidlegare. Det er nå både gode og svake regionar i alle landsdelar.

– I kartet som viser resultata for NæringsNM i perioden 2001–2010, ser vi at der er ein konsentrasjon av regionar med god næringsutvikling på det sentrale Austlandet, langs kysten på Sørlandet og langs kysten frå Rogaland til Møre, skriv prosjektleiar Knut Vareide om utviklingstrekk.

Når det gjeld resultata for regionane i NæringsNM 2011 samanlikna med dei siste ti åra, ligg regionane som har forbetra seg mest, frå Dovre og nordover. Dei fleste regionane i Trøndelag, Nordland og Troms har hatt ei sterk forbetring i plasseringane sine i NæringsNM 2011.

– Nesten alle regionane sør i landet har anten stått stille eller hatt tilbakegang. Mange regionar i Agder, Telemark og Østfold har gått tilbake. Regionane i Rogaland og ytre Hordaland har stort sett stått stille, men dei kunne då heller ikkje hatt særleg framgang, sidan dei i fjor – og fleire tidlegare år – var blant dei beste regionane i landet, oppsummerer Vareide.

Årsaka til at NHO kvart år får utarbeidd ein slik prognose for næringsutvikling i fylka, kommunane og regionane, seier regiondirektør i Rogaland, Hallvard Ween, noko om på NHO Rogaland sine nettsider:

– Eit næringsliv som veks og skapar verdiar og sysselsetjing, er avgjerande for utviklinga av eit godt lokalsamfunn. Vi håpar derfor at NæringsNM kan skape debatt lokalt i kommunane om kva som må til for å etablere eit godt næringsklima og attraktive lokalsamfunn. Det er viktige at politiske organ på ulike forvaltningsnivå skapar eit godt næringsklima, slik som tilgang på areal, rask sakshandsamingstid, god infrastruktur og tilgang på kompetent arbeidskraft.

post@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:  
Astrid Myran Aarvik, styreleiar  
Laura Seltveit  
Rune Øygard  
Solfrid Borge  
Gunnar Strøm

Varamedlemmer:  
Nils R. Sandal  
Olaug Grana  
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no

startsida /

Klikk deg til meir nynorsk!

www.startsida.no

LNK KORTET 2011-2013

Best Western HOTELL HORDANEHEIMEN

BONDEHEIMEN

HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatre

Sjå meir på LNK.no om tilboda kortet gir

# Vil bli språkleg nøytrale

## BAKGRUNN

Kommunestyret i Bykle skal i februar 2012 ta stilling til om Bykle kommune skal bli språkleg nøytral.

Kommunen har i dag nynorsk som administrasjonsspråk.

Å bli språkleg nøytral inneber at kommunen ikkje tek stilling til ei føretrekt målform. I praksis tyder det at tilsette kan nytte den målforma dei ønskjer, med mindre kommunestyret vedtek noko anna. Det tyder vidare at støtteorgan ikkje er pålagde å nytte ei særskild målform når dei vender seg til kommunen. Skulemålet i ein kommune kan vedtakast separat.

Forslaget om språkleg nøytralitet i Bykle kom opphavleg frå kommunestyrerepresentant Dag Hovden (Ap). Han foreslår at kommunen blir språkleg nøytral, og at ein melder seg ut av LNK. Han peiker i sitt framlegg på at dette ikkje vil innebære ei endring i målform for skulane si undervisning.

Det er to grunnskular i Bykle, og ifølgje Allkunne hadde 95 prosent av elevane ved desse skulane nynorsk i 2009/2010.

I Setesdal-regionen er det fem kommunar, med denne fordelinga: Bykle, Valle og Bygland er nynorskkommunar, medan Evje og Hornnes kommune er språkleg nøytral.

## I februar skal kommunestyret i Bykle avgjere om kommunen skal gå over frå å vere nynorskkommune til å bli språkleg nøytral.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Bakgrunnen for at saka kom opp, er eit brev frå kommunestyrerepresentant Dag Hovden (Ap), som foreslår at kommunen blir språkleg nøytral og melder seg ut av LNK.

Kommunen har sidan utgreidd saka og lagt fram forslag om at Bykle kommune går over til å bli nøytral i skriftspråket frå 1. mars i år. Ordførar Jon Rolf Næss (Ap) kjem til å stemme for at Bykle blir språkleg nøytral. Til LNK-avisa seier Næss at han vil stemme for at Bykle skal bli språkleg nøytral, av fleire grunnar.

## VALFRITT

– I Bykle kommune har vi positiv folketalsvekst med stor tilflytting, og vi har etter kvart folk frå alle fylka i landet her. Kommunen må spegle denne utviklinga, og vi må la folk få velje kva språk dei ønskjer å bruke.

Han peiker vidare på at det er ein tøff kamp å rekruttere kompetente folk innan enkelte tenesteområde i kommunen, og i ein slik kamp trur han at valfri målform vil vere ein fordel.

At dei skal bruke nynorsk, bør ikkje vere eit kriterium.

– Vi tenkjer at folk som søker ein jobb, er fagmennske innfor sitt felt. Skriftspråket er ein av reiskapane deira, og dei har truleg ønskje om å bruke den målforma dei kan best.

Han kjenner ikkje til dokumenterte døme på at målforma har hindra rekruttering, men seier ein har fått signal som tyder på at dette er ein medverkande årsak til at rekruttering av fagfolk kan vere vanskeleg. Han peiker vidare på at kommunen i dag har mange tilsette som ønskjer å bruke nynorsk som tenestemål.

– Men for somme er det i dag ei belastning at dei blir brukte som ekstra språkvaskarar for andre tilsette.

Ordføraren ønskjer å understreke at om kommunen er for språkleg nøytralitet, så tyder det ikkje at ein er mot nynorsk.

– Motivet vårt er at folk skal kunne velje

## UTSETT

Om kommunen no skulle vedta å bli språkleg nøytrale, vil det ikkje føre til noka endring i skulemålet direkte, slikt må vedtakast separat. Ordføraren er heller ikkje med på at kommunen sitt vedtak aleine kan vere styrande for dei vala andre kjem til å ta ved seinare høve.

– Desse vil uansett kome på banen for eller seinare. Ein må våge å drøfte desse tinga, heller enn å tie dei i hel.

Då saka var ope til handsaming i kommunestyret i slutten av januar, enda det i utsetjing. Senterpartiet ønskte i tillegg til utsetjing ei breiare utgreiing av saka. Det

forslaget falt, og saka skal no opp att i februar, slik ho ligg.

– Ein del opplevde at saka kom vel fort opp, og det kan vi ha forståing for, seier Næss.

– Men den utgreiinga det blir bede om, opplevde vi som ganske omfattande og til dels vanskeleg å finne ut av, og eg stussar på at det blir reagert så sterkt. I denne saka opplever eg dessutan at folk har bestemt seg, så for den del kunne vi nok teke avgjerda på møtet i januar.

Saka om språkleg nøytralitet skal opp i kommunestyret i Bykle 23. februar. Medlemskapen i LNK er ikkje eit punkt i framlegget.

# Gundersen ny leiar i KS?

På KS sitt landsting i Oslo 12. til 14. februar skal det avgjerast kven som overtar styreleiarvervet etter Halvdan Skard (Ap).

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no



AP SIN KANDIDAT: Mette Gundersen frå Kristiansand er Ap sin kandidat til å overta styreleiarvervet i KS. (Foto: Kristiansand arbeiderparti)

har sete i valkomiteen til Ap før landstinget til KS.

På Ap sine nettsider uttaler Tvedt om Mette Gundersen:

– Ho er ein lagspelar og vil jobbe for å vere ein samlande KS-leiar som representerer alle medlemene til KS.

## VIL VERE SAMLANDE

Gundersen sjølv har følgjande kommentar til kandidaturet sitt:

– Det er absolutt ei spennande utfordring. Eg har stor respekt for den innsatte Halvdan Skard har gjort for KS sine medlemmer, og måten han har opptreidd på som ein samlande leiar. Eg ønskjer å

halde fram med den tradisjonen og bidra til å utvikle KS sin posisjon som ein aktiv samfunnsutviklar på vegner av medlemene.

KrF sin kandidat til styreleiarvervet er Torhild Brandsdal. Ho har vore ordførar i Vennesla sidan 1999. Høgre sin kandidat er Gunn Marit Helgesen. Ho har vore fylkesordførar i Telemark i åtte år fram til sist val. Før det var ho fylkesvaraordførar.

Venstre sin kandidat er Gunn Berit Gjerde, som var ordførar i Hareid frå 1999 til 2007. I perioden 2005 til 2009 var ho vararepresentant til Stortinget. Nå er ho fylkesvaraordførar i Møre og Romsdal.

Senterpartiet ønskjer ikkje å gå ut med namnet på sin kandidat, men fortel at dei

sitjande medlemene i KS sitt landsstyre er aktuelle. Desse er tidlegare fylkesordførarar i Rogaland og KS-nestleiar, Odd Arild Kvaløy, og Hanne Braathen, som er tidlegare ordførar i Storfjord (2003–2011).

Sosialistisk Venstreparti (SV) har ikkje eigen kandidat til KS-styreleiarvervet.

– Vi støttar Ap sin kandidat, fortel Ivar Johansen, som er sentralstyremedlem i KS for SV.

## FRIR TIL PARTIA

Framstegspartiet har heller ingen eigen kandidat.

– Etter gruppemøtet vårt 12. februar er det avklart kven vi ønskjer å støtte som styreleiar kandidat. Fram til då snakkar vi med dei partia som ønskjer å snakke med oss, lokkar Austevoll-ordførar Helge André Njåstad, som jobbar med dette for Frp.

Bjørg Tysdal Moe (KrF) er nestleiar i KS-styret. Ho peikar på at Halvdan Skard har gjort ein god jobb, men at det nå blir bra med fornying i KS-hovudstyret.

– Ved eit leiarskifte blir det fornying, og det er bra for ein organisasjon, det også. Ei slik leiarskifte kan utøvast på forskjellige måtar. Tidlegare har det vore veldig konsensus når det gjeld val av styreleiar, og det håpar eg det blir nå også, slår nestleiareren fast.

# Fryktar for skulemålet

Viss Bykle kommune blir språkleg nøytral, vil det få konsekvensar også for skulemålet. Det meiner varaordførar Tor Hallvard Mosdøl (Sp).

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no



KRITISK: Varaordførar Tor Hallvard Mosdøl (Sp) meiner konsekvensane av ein overgang til språkleg nøytralitet er for dårleg utgreidd. (Foto: Judith S. Litlehamar)

Mosdøl var ein av dei som bad om å få saka utsett då ho var til politisk handsaming i slutten av januar. Han er sterkt kritisk både til realitetane i saka og korleis ho er utgreidd.

– At det er tungvint for dei tilsette å skrive eit språk dei ikkje beherskar, er for så vidt greitt. Men eg meiner dette handlar mest om viljen, minst om evna.

Vi må sjå dette i ein større samanheng, seier varaordføraren. Han fryktar dessutan for skulemålet viss Bykle blir ein språkleg nøytral kommune.

## FLAGGSKIPET

I saksutgreiinga frå Bykle kommune er ikkje skulemål nemnt, men i det opphavlege

forslaget som kom frå Dag Hovden i Arbeidarpartiet, står det at forslaget ikkje inneber noka endring i målform for skulane sin del.

## ENGASJEMENT

Senterpartiet bad om å få ei breiare utgreiing i tillegg til utsetjinga, men forslaget deira fall. No skal saka handsamast på

det same grunnlaget i februar. Det synest Mosdøl er trist og viser til at dette er ei sak som engasjerer.

– Vi hadde 10-15 tilhøyrarar på benkene under kommunestyremøtet i januar. Det er mange i høve til det vi er vane med. Både privatpersonar og mållaget har engasjert seg i media og vendt seg direkte til dei folkevalde for å seie meininga si om saka, som har blitt ein snakkis i bygdene, ifølgje Mosdøl.

Varaordføraren signaliserer no at partiet ikkje kjem til å gi seg så lett.

– Vi kjem til å gjere den jobben vi meiner administrasjonen burde ha gjort.

Vi vil få inn fleire vurderingar av kva nynorsken har å bety for kommunen, gjerne så nøytrale som mogeleg. Og eg trur det er ein reell sjanse for at vi kan nå gjennom med argumenta våre, seier varaordføraren.

– Dette er ikkje vegen å gå. Nynorsk er ein del av identiteten vår i Bykle, og vi har eit ansvar som kulturberarar.

# Regional språlrøkt

Bygland kommune ønskjer at alle framlegg Setesdal regionråd gjer, skal kome på nynorsk.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Så viktig er dette for Bygland at dei fatta eit vedtak om saka i formannskapet, som sidan vart lagt fram for regionrådet. Ordførar Leiv Rygg (Sp) i Bygland, som dessutan er leiar i regionrådet, seier til LNK-avisa at dette vart lagt fram som ei orientering for rådet om korleis Bygland ønskjer at det skal vere.

## TRE NYNORSKKOMMUNAR

Setesdal regionråd består i dag av fire kommunar, Bygland, Valle, Bykle og Evje og Hornnes. Av desse er dei tre første nynorskkommunar, medan Evje og Hornnes er språkleg nøytral. Til NRK har Evje og Hornnes kommune gitt uttrykk for at dei ikkje ønskte å krevje at alle saker frå regionrådet vart lagde fram berre på nynorsk. Ordførar Bjørn A. Ropstad (KrF) seier til NRK at han er usamd i at alt skal skrivast på nynorsk, og at sakshandsamarane må få skrive på bokmål når det kjennest naturleg for dei.

## SOM FØR

– Det var ei oppmoding frå vår side som eg orienterte om, eg fann det feil å ta ho

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!

# Støtte frå uventa hald

**Trass i fallitterklæringar frå svorne nynorsktilhengarar har sidemålsdebatten ført til at nynorsken har fått brei og uventa støtte den siste veka.**

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

At mållagsleiar Håvard B. Øvregård, Nynorsk kultursentrum-direktør Ottar Grepstad, nynorsk kjendisane Arne Hjeltnes og Odd Nordstoga, Samlaget-direktør Edmund Austigard, rettskrivingsnemndsleiar Grete Riise og kommunal- og regionalminister og Senterparti-leiar Liv Signe Navarsete er uroa for framtida til nynorsk etter kunnskapsministerens sine utspel, kjem ikkje som ei overrasking.

Meir overraskande er den kontante støtta frå VG og frå debattredaktøren deira, Elisabeth Skarsbø Moen.

«Det er et tvilsomt pedagogisk prinsipp at bare man reduserer skriftligheten i et skriftlig fag, og fjerner muligheten for kontroll som en eksamen innebærer, så skal eleven lære bedre. All læring krever innsats», kan ein lese i leiaren til tabloida-visa 25. januar.

VG skriv vidare på leiarplass:

«Det er et privilegium for et lite land å ha to sidestilte skriftspråk. Bokmål bærer med seg den sivilisasjon blant andre Danmark brakte oss, nynorsk er langt mer vår egen nasjonaleiendom. Språk er med på å skape mennesket og kulturen, slik mennesker og kulturen skaper språket. I både bokmål og nynorsk bor det et viktig stykke Norge. Mangfold er imidlertid en verdi vi ikke kan ta for gitt. Enfoldet har langt enklere kår.»



**VIL SKRIVE MEIR NYNORSK:** Debattredaktør i VG, Elisabeth Skarsbø Moen, har fått seg ein oppvekkar etter sidemålsdebatten dei siste vekene og vil skrive meir på nynorsk. (Foto: VG)

## – FRIGJERANDE Å SKRIVE NYNORSK

Debattredaktør Elisabeth Skarsbø Moen er frå Fræna i Møre og Romsdal og har vakse opp med nynorsk.

– Nynorsk er det skriftspråket som er bygd på norske dialektar. Det tek opp i seg norsk kultur på ein måte som ikkje bokmålet fangar, seier ho til LNK-avisa.

Ho har skrive ein leiar som forsvarer sidemålet og sidemålskarakteren på nynorsk.

– Det var frigjerande å skrive nynorsk igjen. Det står meg mykje nærare. Når eg skriv bokmål, ligg det ei kulturell hinne mellom meg og språket. Nå vil eg skrive meir nynorsk, seier Skarsbø Moen.

– *Kvifor er det så viktig med ein eigen karakter i sidemål?*

– Ein karakter er uttrykk for kompetansen i eit fag. Å ikkje setje karakter er det same som å seie at kompetanse ikkje er viktig, slår debattredaktøren fast.

## VIL SKRIVE MEIR NYNORSK

– *Kvifor har VG valt å støtte nynorsk og sidemål i denne debatten?*

– VG sitt verdigrunnlag er at vi skal støtte opp om det som samlar eit land. Det er ein verdi vi har med oss som avisa som er starta av motstandsrosla etter krigen. Så lenge vi har to offisielle skriftspråk i Noreg, startar ikkje VG kampanje mot det eine. Vi meiner tvert om at då må skulen vår sørgje for å gi barna den nødvendige kunnskapen til å leve i eit land med to målformer, svarer Skarsbø Moen.

På spørsmål om ho meiner norskundervisinga i skulen er god nok slik ho er i dag, svarer debattredaktøren:

– Det kjenner eg for dårleg til, men det skadar ikkje å begynne med nynorsk sidemål frå andre klasse, trur eg. Eg les mykje nynorsk for barna mine. Dei kjenner

for mykje tid til vurdering og dokumentasjon. Det er derfor på tide at norskfaget blir endra.

– Nynorsk som hovudmål er på vikande front, og nynorsk vil bli truga dersom ikkje fleire vel å ha nynorsk som hovudmål. Det er viktig at fleire av dei elevane som i utgangspunktet har nynorsk som hovudmål, held på det gjennom utdanningsløpet, held Halvorsen fram.

I ein nyhendeartikkel på Utdanningsdepartementet sine nettsider står det at 6,7 prosent av elevane som tok eksamen på studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande skule, hadde nynorsk som hovudmål i 2011. Det er ein nedgang frå 7,7 prosent i 2008. I grunnskulen var det 13,2 prosent som hadde nynorsk som hovudmål.

Den endelege avgjerda om innhaldet i den nye læreplanen, talet på standpunktkarakterar og eksamen skal takast etter at læreplanen har vore på høyring hausten 2012. Ny læreplan i norsk blir fastsett av departementet for skuledret 2013-2014.



(Foto: Stig Weston)

eigen eksamensdag i skriftleg sidemål fell bort på 10. trinn, slik at elevane som blir trekte ut til skriftleg eksamen i norsk på ungdomstrinnet, berre har ein eksamen ein dag, på hovudmålet sitt.

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen (SV) uttaler om saka:  
– Eg har lytta til elevar og lærarar som meiner at endringar i norskfaget er naudsynte. Slik det er i dag, går det

til forskjellen, men opplever det som naturleg, seier ho.

– *Kva kan du som debattredaktør i ei av dei leiande avisene i landet bidra med for å styrkje nynorsken?*

– Eg er konsekvent på at viss vi får ein nynorsk tekst, skal også redigeringa vere på nynorsk. Og så kan eg skrive meir på nynorsk. Der må eg ta meg saman.

## NYNORSKMobilisering

Noregs Mållag har fått over 700 nye medlemmer sidan debatten starta.

– Dette har heilt klart vore ein mobiliserande diskusjon for sidemål og nynorsk. Dei aller fleste synest det er viktig med språk, at det er viktig å lære språk, og at det er betre å lære meir enn å lære mindre, slår leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, fast.

Han trur ikkje kutt i sidemålundervisinga er måten å styrkje norskfaget på.

– I staden for å kutte i noko som gjer oss betre, kan ein heller prøve å gjere sidemålundervisinga betre. I mine mange møte med politikarar den siste veka har eg nytta eit døme frå TNS Gallup, som gjorde ei undersøking for Utdanningsdirektoratet i 2006. Der kom det fram at viss elevane byrja med sidemål i 8. klasse i staden for 9. klasse, ville dei få ei betre haldning til sidemål. I staden for valfridom bør ein heller byrja med sidemål i 8. klasse, meiner mållagsleiaren.

## – KJEM IKKJE TIL Å KUTTE

Han er glad diskusjonen om sidemålet har kome så godt fram i det offentlege rommet.

Han trur ikkje politikarane kjem til å følge tilrådinga frå Utdanningsdirektoratet.

– Eg har snakka med politikarar frå alle regjeringspartia, og tilbakemeldingane har vore veldig tydelege. Forslaget frå direktoratet er i direkte strid med partiprogrammet til alle dei tre regjeringspartia, og eg er sikker på at dei kjem til å følgje sitt eige program, konstaterer Øvregård.

Sjølv om den massive støtta mållaget og nynorsken har opplevd den siste tida, er gledeleg, er han likevel ikkje heilt nøgd.

– Det er veldig trist at vi har eit Utdanningsdirektorat som kjem med slike forslag, som ikkje er med på å betre undervisinga, og som jobbar mot nasjonale vedtak og regjeringspartia sitt partiprogram. Dette bør få konsekvensar, meiner mållagsleiaren. Kva konsekvensar kan han ikkje seie noko om.

Noregs Mållag har nå bede om eit møte med Utdanningsdirektoratet.

– Vi ønskjer å ha eit møte med dei om det som dei har foreslått, og kvifor dei har foreslått det, fortel Øvregård.

## – GODT NOK MED ÉIN KARAKTER

Tidlegare språkråddirektør og professor i nordiske språk, Sylfest Lomheim, synest forslaget om å ta bort sidemålskarakteren er positivt.

– Eg meiner at bokmål og nynorsk er norsk, og i ungdomsskolen er det ingen grunn til å ha noko anna enn ein karakter i norsk, same kor viktig faget er. Det må innebere skriftleg øving og vurdering som basis for norsk karakteren både i hovudmål

og sidemål, seier Lomheim til vekeavisa Dag og Tid.

Nynorskforkjemparen meiner målfolk har meir å hente på å krevje høgare kvalitet i norskundervisinga enn på å insistere på sidemålskarakter. For norskfaget er ikkje godt nok, peikar Lomheim på.

– Det er altfor vidt, og det er for mykje evaluering og karaktersettning. Lærarane yter ikkje god nok undervising i norsk og i rettskriving, slår Lomheim fast. Han synest vidare at lærarutdanninga i norsk ikkje er god nok.

## MEIR BOKMÅLSSTØTTE TIL NYNORSK

Rogalands Avis var også tidleg ute med å vise støtte til sidemål og nynorsk. I leiaren 25. januar skriv avisa: «Kunnskapsministeren slår et slag for at mindre kunnskaper i nynorsk skal gi bedre kunnskaper om bokmål. Med andre ord like seriøst som å foreslå at færre timer i kjemi skal gi bedre karakterer i fysikk». Avisa held fram med å skrive at dei har til gode å sjå haldbar dokumentasjon på at svekka undervising i sidemål gir betre resultat i hovudmål.

## SØRGJEREISE

Kultur- og debattredaktør i Bergens Tidende, Hilde Sandvik, har skrive «Kjærlighets sorgereise» om endringane Kristin Halvorsen ønskjer å gjere med norskopplæringa. «Når Kristin Halvorsen snakkar om nynorsken og ungdomsskuleelevane, tek eg det personleg. Når Kristin Clemet – ein meningsytrar og har

stor respekt for – skriv at no må vi ta inn over oss at vi er blitt eit multikulturelt samfunn, at folk er negative til nynorsk, og at fagtrengselen i skulen gjer det naudsynt å prioritere, tek eg det personleg. Når ein tvitrar skriv forakteleg og kunnskapslaust om den kvite privilegerte etnisiteten (!) nynorskningen, tek eg det personleg.»

## TRØYSTEFORSLAG FRÅ HALVORSEN

Etter kvart som debatten har gått fram og populariteten til SV tilbake, kom kunnskapsministeren med ytterlegare eit forslag. Elevar som vel nynorsk som hovudmål i den vidaregåande skulen, kan få eitt ekstra poeng på vitnemålet. Ekstrapoenget er mest aktuelt om elevane får ein skriftleg karakter i norskfaget, mot dagens to.

– Dette er eit veldig godt forslag. Nynorskelevar er mykje flinkare i sidemål enn bokmålslevar, og dette ekstra poenget vil honorere den reelt større språkkompetansen nynorskelevar har, seier leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, til VG Nett.

– Vil ikkje dette diskriminere elevar med ei dialekt som ligg nærare bokmål enn nynorsk? spør VG Nett.

– Den verkelege diskrimineringa i skulen i dag opplever nynorskelevar som ikkje får undervisningsmateriellet sitt på nynorsk. Dette opplever ikkje bokmålslevar, uansett kva dialekt dei har. Derfor vil eit ekstra poeng vege opp for denne forskjellsbehandlinga, svarer Øvregård.

Høgre og Norsk studentorganisasjon er kritiske til forslaget.

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på [klp.no](http://klp.no) og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

**KLP**  
for dagane som kjem

# Søkjer departementet om 16,5 millionar kroner

**Nynorsk kultursentrum har søkt Kulturdepartementet om 16,5 millionar kroner til Språkåret 2013.**

AV ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

Nå lyser dei ut stillinga som prosjektleiar for det storslagne året, som etter planen skal innehalde over 100 forskjellige arrangement frå sør til nord.

Styret i Nynorsk kultursentrum handsama innstillinga frå styringsgruppa i Språkåret 2013 fredag 27. januar. Prosjektplanen og budsjettet blei på alle punkt i samsvar med tilrådinga frå styringsgruppa.

– Styringsgruppa og prosjektleiarer har gjort eit veldig godt arbeid med prosjektplanen. Styringsgruppa, som representerer breidda i det norske kulturlivet, sørgjer for å gi planane for Språkåret 2013 legitimitet. Prosjektleiar Jens Kihl har utløyst mykje entusiasme for prosjektet både i styringsgruppa og i dei miljøa han har vore i kontakt med. Denne legitimiteten og entusiasmen kan ikkje bli vedteken, han må berre vere der, seier ein nøgd direktør i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad.

Desse har vore med i styringsgruppa: leiar Grete Riise, seniorrådgivar hjå Fylkesmannen i Hordaland, Bodil Aurstad, språkkoodinator i Nordisk ministerråd, Ola E. Bo, dramaturg ved Det Norske Teatret, Torbjørn Røe Isaksen,



**TAKKAR FOR SEG:** Jens Kihl gir seg som prosjektleiar for å fullføre studia sine, og prosjektet er nå på leit etter ny. (Foto: Toyni Tobeck)

stortingsrepresentant for Høgre, Camara Joof, musikal, Aili Keskitalo, leiar for Norske Samers Riksforbund, Janne Kristin Svarstad Nygård, leiar for Norsk Målungdom, Vigdis Moe Skarstein, nasjonalbibliotekar i Nasjonalbiblioteket og Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet.

## EIT MANGFALDIG ÅR

I prosjektplanen for Språkåret går det fram at det skal vere seks hovudarrangement i 2013. Det heile startar med opningsarrangementet i Kristiansand 2. januar. Dei andre hovudarrangementa er Dei nynorske festspela i juni, Ivar Aasen sin 200-årsdag i august, folkfest i Oslo i oktober, verdskonferanse i Tromsø i november og avslutningsarrangementet i Ivar Aasen-tunet i desember.

Prosjektplanen nemner elles 82 planlagde arrangement, som strekkjer seg frå amatørteaterfestival, diktar dagar, 100-årsjubileum for Hotell Bondeheimen, kampanje om statsspråk, mobilprogram for språkhjelp, pedagogisk nettprogram for lærarar, språket i norsk rock og teaterfestival på Det Norske Teatret til samisk språkkonferanse, for å nemne nokre.

– Dette har eg sett fram til i 10 år. Vi byrja først å tenkje på eit språkår i 2002. Ideen blei forma i

2007. Dei som syntest Ivar Aasen-året i 1996 var kjekt, har noko å glede seg til, for dette blir endå kjekkare, slår Grepstad fast. Den totale prislappen for Språkåret 2013 blir på 19 millionar kroner. 2,1 millionar kroner har prosjektet allereie fått. – Det har vore veldig kjekt å få dei midlane vi allereie har fått frå departementet, for det seier at dette er noko dei ønskjer. Nå er spørsmålet berre kor stort det blir, seier kultursentrum-direktøren.

Prosjektplanen legg til rette for at tre tilsette skal arbeide med Språkåret. Først skal stillinga som prosjektleiar lysast ut, så skal prosjektsekretæren på plass.

## TRENG NY PROSJEKLEIAR

– Korleis skal prosjektleiarer for Språkåret 2013 vere?

– Det må vere ein person som tåler den trykningen det kjem til å bli med eit så stort prosjekt. Det må vere ein person som kan ta vare på den tilliten som allereie er etablert, og som kan medverke til at arbeidet med Språkåret når endå fleire miljø. Eg kan love ein spennande, givande og utfordrande jobb, seier Grepstad. Tidlegare prosjektleiar Jens Kihl valde å slutte etter at engasjementet hans gjekk ut nå i januar. Årsaka er at han ønskjer å fullføre sosiologistudia sine.

Sjølv om Språkåret er avgrensa til eitt spesifikt år, er målet til Nynorsk kultursentrum at noko skal leve vidare etter at året er omme.

– Vi håpar at språkåret skal vere med på å endre tankar og haldningar varig. Vi veit at det er krevjande, men det trengst, konstaterer Ottar Grepstad. Nå skal Nynorsk kultursentrum avtale møte med Kulturdepartementet og andre statlege instansar, som kulturkomiteen og utdanningskomiteen på Stortinget.

Prosjektplanen blir også send til alle dei politiske partia. – Vi skal gjere det mogeleg for styresmaktene å prioritere Språkåret 2013, sluttar Grepstad.

## DETTE ER SPRÅKÅRET 2013

Språkåret skal vere eit allspråk-sjubileum med nynorsk grunnlag. Utgangspunktet er 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret. Med Språkåret 2013 blir for første gong dessutan bokmålet feira nasjonalt, saman med samiske språk, historiske minoritetsspråk og nye innvandrarspråk.

Språkåret 2013 jobbar ut frå fem mål:

– Skape større språkleg sjølvkjensle blant nynorsksbrukarar og større aksept for den språkdelt norske kulturen.

– Gjere også bokmålsbrukarane stolte av den nynorske skriftkulturen.

– Få fram meir kunnskap om og skape større respekt for urfolkspråk, minoritetsspråk, innvandararspråk og teiknspråk.

– Setje den norske språksituasjonen inn i internasjonale og samliknande perspektiv.

– Skape breiare kontakt mellom språkpolitiske aktørar med felles interesser på tvers av språkgrensar og etnisitet.

# Klart for Diktarvegkonferansen



*SVENSK BESØK: Kulturrentreprenør Putte Svensson Sablin var med og grunnla Hultsfredfestivalen.*

**Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa kjem til Fjordvegen Diktarvegen sin konferanse i mars.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Dei to organisasjonane I/S Fjordvegen og Diktarvegen har slått seg saman til ein vil jobbe mot eit felles mål: Å byggje veg og skape engasjement og kultur langs vegen.

Konferansen dei no skal halde på Lofthus i Hardanger, har som mål å ta opp i seg både veg- og kulturperspektivet. I tillegg til samferdsleministeren kjem også tre varafylkesordførarar for å snakke om samarbeid over fylkesgrenser: Jenny Følling frå Sogn og Fjordane, Mona H Hellesnes frå Hordaland og Terje Halleland frå Rogaland

## RUNDEBORDSKONFERANSE

I løpet av konferansen blir det også parallelle samlingar. På kultursida kan ein då bli med på ein rundebordskonferanse

# Ny organisasjon på plass

**Dei to organisasjonane I/S Fjordvegen og Diktarvegen har no formelt oppretta ein organisasjon.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Fjordvegen Diktarvegen AS er namnet på den nye organisasjonen, som har funne si form som eit aksjeselskap. Selskapet har til føremål å arbeide for utbygging av fv./rv. 13 slik at han får ein god standard, og å utvikle og marknadsføre vegen og kulturtilboda langs vegen. – Ordførar Solfrid Borge i Ullensvang er styrelseleiar for Fjordvegen Diktarvegen, og med seg i styret har ho Vidar Høviskeland, Arne Kleppa, Margrete Reisæter og Roald Bergsaker.

## OPNAR FOR FLEIRE

Målet for den nye organisasjonen er no å leggje ned aktiviteten til dei gamle og gå med full tyngde inn i den nye, forklarar Leif Vambheim i Hardanger regionråd. Han fungerer som dagleg leiar for Fjordvegen Diktarvegen inntil organisasjonen har finansiering for drift på plass.

Medlemene i det tidlegare I/S Fjordvegen blir tilbydde å kjøpe aksjar i det nye selskapet ut frå kor mykje tilskot dei har gitt før. Diktarvegen ved LNK vil tilsvarende tilby aksjar til diktarorganisasjonane som

med dei fem diktarorganisasjonane som står bak den opphavlege Diktarvegen: Sivlaget, Sande-selskapet, Haugestiftinga, Løland-stiftinga og Garborgsenteret. Vegfolket kan få med seg innlegg om vegfinansiering. Vestlandsrådet sitt syn på rv. 13 og Statens vegvesen sitt innlegg om Diktarvegen og Nasjonal turistveg i eit stamvegperspektiv.

## Rv. 13 – ROUTE 66

Kultur- og reiselivsaktørane skal også kome til orde under konferansen for å kaste lys over kva vegen og destinasjonane og kulturinstitusjonane kan bety for kvarandre. Finn Tokvam og Bård Ose frå NRK-programmet P.I.L.S. skal dra parallellar mellom Diktarvegen rv. 13 og Route 66. Frå Hultsfredfestivalen kjem kulturrentreprenør Putte Svensson Sahlén.

Konferansen dette året er den tredje i rekkja av Diktarveg-konferansar.



*LEIAR: Solfrid Borge er leiar for den nye organisasjonen Fjordvegen Diktarvegen. (Foto: Toyni Tobeck)*

var utgangspunktet for prosjektet, men også andre kulturinstitusjonar har vist interesse for å delta og vil få tilbud om å kjøpe seg inn.

## OPERATIVT TIL VÅREN

Selskapet er no etablert og held på med aksjeovergangen. Til våren blir det halde generalforsamling i Fjordvegen Diktarvegen, og selskapet vil truleg vere operativt i løpet av våren eller sommaren 2012, seier Vambheim.

Fjordvegen Diktarvegen har vidare lagt opp til ein femårsplan for finansiering, der dei tre fylkeskommunane blir bedne om å gå inn med 100 000 kroner kvar kvart år. Medlemsavgifta for medlemene i organisasjonen blir sett til 300 000 kroner, og det blir søkt departementet om 300 000 årleg desse åra som eit framhald av satsinga på Diktarvegen.



**Hanne Maren Blåfjell**  
Prosjektleiar for skuleprosjektet i Vågå

## PÅ KOMMUNEVIS

### Kommunane som nynorskeigarar

Eg hadde tenkt å skrive om kommunane si rolle som skuleeigar. Så kom framlegget om endringar i norskfaget, som gjer at eg må omtale vår rolle som nynorskeigarar.

Du bur truleg i ein kommune som i alle fall på papiret har ei offensiv haldning til nynorsk, men også i våre kommunar merkar ein presset mot nynorsk. Vi opplever foreldre som går saman og krev bokmålsklasser for elevane, og veldig mange av elevane vel å byte målform til bokmål når dei kjem i vidaregåande skule.

Når elevane sjølv vel å byte til bokmål, ja då har vi eit problem. Då gjer vi ikkje ein god nok jobb i kommunane med å spreie språkglede og skape positive haldningar til nynorsk.

Eg var ein av desse allfor mange som bytte hovudmål frå nynorsk til bokmål då eg gjekk på vidaregåande. Eg var utmotivert av å få attende nynorskstilar der det var raude strekar under annakvart ord, og der attendemeldingane handla om alt som ikkje var lov.

Eg bar med meg ei haldning om at nynorsk var veldig vanskeleg, og eg trudde dei som klarte å skrive god nynorsk, var supermeneske.

For to år sidan fekk eg jobb i Vågå kommune. Vågå er ein markant nynorskkommune. Du har ikkje noko val om du skal jobbe her. Du må skrive nynorsk.

Det var tungt i starten, men eg var motivert. Eg fekk også tilbud om nynorskurs. På dette kurset lærte eg alt det eg skulle ønske eg lærte då eg var ung skuleelev.

Denne erfaringa fortel meg at det nyttar at kommunane har ein offensiv språkpolitikk.

Nynorskundervisninga er for dårleg i norsk skule, og det er her eg trur hovudproblemet ligg. I tillegg trur eg nynorsk blir oppfatta blant dei yngre som eit forbodsspråk og ei målform som ikkje er prega av glede og optimismen.

Det er vi som jobbar i kommunane, som må sørgje for at elevane har lyst til å fortsette med nynorsk når dei blir vaksne. Då treng vi tilsette som beherskar nynorsk og som framstillar målforma som logisk.

Vi eig språket vårt. Og det er vårt ansvar at nynorsk blir eit levande språk for heile landet. Den beste måten å gjere det på er å sørgje for ei god nynorskopplæring i skule og barnehage. Det vil skape mange gode nynorskambassadørar i framtida.

## KULTURDEPARTEMENTET

### Nynorskpris for journalistar 2012

Kven fortener Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i år? Prisen er på 50.000 kroner og eit norsk kunstverk.

1. mars er fristen for å kome med framlegg til prisvinnar. Alle framlegga må grunngjevast skriftleg. Nynorskprisen skal fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre.

Prisen går til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område.

Prisen vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørsta 29. juni 2012.

Du finn meir om nynorskprisen for journalistar på nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no), og spørsmål kan du stille til sekretæren for juryen, Magni Øvrebotten, på mobil 970 55 201.

Merk forslaga "Nynorskprisen 2012", og send dei til : [nynorskmediesenter@nrk.no](mailto:nynorskmediesenter@nrk.no) eller NRK Nynorsk mediesenter, postboks 100, 6801 Førde.

# Konsensusmeisteren

Kvar onsdag blir forslaga mine røysta ned i formannskaps- eller kommunestyremøte, men eg blir likevel ikkje lei.

**Halvdan Skard (72) byrja si politiske karriere i skulestyret i Bærum kommune i 1968. Av skuleutvalslarar Jo Benkow lærte han den gongen å ha respekt for andre menneske sin politiske ståstad. Nettopp denne kunnskapen har gjort at han blitt vald til KS sin styreleiar om og om att i 20 år. Nå seier konsensusmeisteren takk for seg og overlet KS-styrerøret til andre.**

AV ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

– Eg hadde ein del fordømmar mot politikarar frå andre politiske parti då eg byrja som lokalpolitikar i skulestyret på 60-talet. Det eg lærte om å ha respekt for andre sine politiske standpunkt, har følgd meg sidan då, fortel den avtroppande KS-styreleiar.

Det politiske engasjementet blei tidleg vekt. Morfaren Halvdan Koht, som han har fått namnet sitt frå, var norsk historikar og utanriksminister i arbeidarpartiregjeringa til Johan Nygaardsvold. Morfaren var også formann i Noregs Mållag ein periode. Mormor Karen Elisabeth Grude Koht var lærar og forkjempar for kvinnesaka. Halvdan Skard si mor, Åsa Gruda Skard, var barnesykolog og brennande kvinnesaks kvinne. Faren, Sigmund Skard, var professor i amerikansk litteratur, lyrikar, essayist og ein aktiv målmann.

– Eg voks opp med ei haldning som gjekk ut på at alle må vere med og ta ansvar for fellesskapet, forklarar Skard.

Sidan starten i skulestyret har han opparbeidd seg ei allsidig politisk erfaring. Han har vore direktør i Norsk kulturråd, ekspedisjonssjef i Kulturdepartementet, statssekretær i Kyrkje- og undervisningsdepartementet, han har hatt fleire lokalpolitiske verv i Bærum kommune, vore leiar for finanskomiteen for alle KS-organisasjonane i Europa og medlem av Europarådets kongress for lokale og regionale folkevalde. Her var han også president ein periode. Av utdanning er han cand. philol. i historie.

– Eg trudde eg skulle bli historikar. Eg fekk til og med jobb som førsteamanuensis ved Distrikthøgskolen i Stavanger, men der var eg berre i to veker fordi eg fekk jobben som statssekretær, seier Skard.

Han har sete i kommunestyret i Bærum sidan 1972, med eit kort opphald. Sidan 1983 har han vore Arbeidarpartiet sin gruppeleiar. Kvar onsdag kveld er han i anten formannskapsmøte eller kommunestyremøte med mindre han er på reise.

– Som lokalpolitikar for Ap i Bærum er eg i evig opposisjon. Kvar onsdag blir forslaga mine røysta ned i formannskaps- eller kommunestyremøte, men eg blir likevel ikkje lei. Eg synest det er inspirerende å vere med og diskutere korleis samfunnet skal vere framover, fortel han om kva det er som driv han.

Kona og sosiologiprofessoren Amlaug Leira har måtta tole at Skard har vore mykje ute og reist i samband med jobben og verva sine. Dei har ein son saman, og han har gitt dei to barnebarn på fire og åtte år. I fjor hadde Skard rundt 60 reisedøyer.

– Det har vore eit slalåmløp mellom dei politiske verva og jobben og familien. Eg kunne ikkje gjort det utan at familien var samd i det. Vi har diskutert nøye kvart fjerde år om eg skal halde fram. Som mange andre travle politikarar føler eg alltid at eg burde ha vore meir saman med familien, seier Ap-politikaren.

– Nå håpar eg at eg skal få meir tid til å vere med familien, legg han til.

Når han går av som styreleiar i KS i februar, tek han med seg kona på trevekers ferie til Gran Canaria.

– Då skal vi gå lange turar i fjellet og berre kose oss, fortel Skard.

For ferie er ikkje det same som sjø og strandliv for Skard. Har aldri vore det.

– Eg har vakse opp med at alle sommarferiar blei brukte på familiehytta i Valdres. Eg har aldri nytta ferien ved sjøen. Fjellet er ferie for meg, slår han fast.

Det er Halvdan Skard sitt eige val å slutte som KS-styreleiar nå.

– Eg har hatt dette vervet i 20 år. Nå synest eg det er på tide at andre tek over. Eg vil gjerne slutte medan eg endå er i god form, seier han.

Björg Tysdal Moe er nestleiar i KS-styret og varaordførar i Stavanger for KrF.

– Eg har jobba saman med Halvdan i KS-styret i tolv og eit halvt år og er mektig imponert over leiareigenskapane og kunnskapen hans om kommunal, fylkeskommunal og statleg sektor. Han respekterer andre politikarar og er ein meister til å jobbe for konsensus, slår Tysdal Moe fast.

KS-styreleiar blei ein viktig samarbeidspartnar for Sigrun Vågeng då ho tok over som administrerende direktør for KS for to og eitt halvt år sidan.

– Halvdan er ein behageleg person, ein klok mann. Han veit kva han vil og korleis han skal få det til, men er samstundes ein mild mann. Eg har lært mykje om kommunal sektor av han, seier Vågeng.

Den siste gongen Halvdan Skard blei vald som styreleiar for KS, blei han vald samrøystes av eit styre som er sett saman av politikarar frå alle partia.

– Når desse politiske representantane kjem inn i KS-styret, skal dei representere KS-medlemene, ikkje dei politiske partia, og det krevst ein klok leiar å få eit slikt styre til å henge saman på tvers av partigrænser, meiner Vågeng.

– Som administrerende direktør er eg innstilt på at styreleiarar kjem og går, men eg kjem til å sakne Halvdan som styreleiar og person, legg ho til.


Sigrun Vågeng peikar også på kor viktig det lokalpolitiske vervet i Bærum kommune er for Skard.

– Kvar veke går han til kommunestyre- og formannskapsmøte i Bærum. Det har førsteprioritet i livet hans. Han er vald av innbyggjarane i Bærum kommune til å sitje i kommunestyret, og det tar han alvorleg, slår den administrerende direktøren fast.

– Skard har alltid vore trufast på dei politiske møta. Sidan han fekk internasjonale verv, har han vore litt meir borte enn før, men han har alltid gyldig fråvere, fortel lokalpolitikarkollega Bjørn Røtnes (H).

Han kan fortelje at Halvdan Skard har lengst fartstid av dei sitjande politikarane i Bærum. Sjølv har han nest lengst fartstid og har opplevd Skard som politikar i snart 30 år.

– Skard er ein hyggjeleg og omgjengeleg mann, som nyt stor respekt som politikar. Han har sete i opposisjon i alle år og gjer ein god jobb der. Det



kjem aldri nokon uansvarlege forslag frå han si side, konstaterer Høgre-politikaren.

– Han er vanvittig til å lese protokoll frå dei politiske møta. Det er allment kjent at viss Skard går god for protokollen, så er det det som har skjedd på møtet, held han fram.

– Det kan hende nokre synest eg er for detaljorientert, men eg er opptatt av at protokollen skal vere riktig. Vedtaka vi gjer som lokalpolitikarar gjeld for mange menneske, og då er det viktig at marsjorden vi som avgjerdstakarar gjev, er klar for dei som skal setje vedtaka ut i livet, seier Halvdan Skard sjølv.

Det har ikkje vore mykje fritid for 72-åringen i løpet av den politiske karrieren.

– Eg prøver å lese litt. Eg les ein del krim på flyturane tilbake frå møte. Til møta les eg sakspapir. Nå i det siste har eg lese bøker av den islandske forfattaren Jón Hallur Stefánsson. Han minner litt om Olav Duun. Bøkene hans må lesast langsam. Han har eit verdsperspektiv der han ser ut frå dei små, fortel Skard.

Han er også glad i musikk.

– Eg høyrer helst på klassisk og jazz. Kva artistar eg høyrer på, kjem an på dagsforma. I går kveld sette eg på Duke Ellington. Han har eg ikkje høyrte på på lenge, seier musikkelskaren.

Han har elles ingen hobbyar han driv med på fritida.

**SLUTTAR ETTER 20 ÅR:** Halvdan Skard bar sete som styreleiar for KS i 20 år. Nå seier han takk for seg. (Foto: Johnny Syversen/KS).

– Eg har vore så heldig at eg har fått lov til å ha hobbyen min som jobb, slår han fast.

Det er spesielt éi politisk sak Skard har brennt for sidan han byrja på den politiske karrieren sin.

– Eg har arbeidd for full barnehagedekning sidan 1968. Den gongen var det bare ein stor barnehage i Bærum. Nå er vi ganske nær full barnehagedekning, men framleis må foreldre som er uheldige ved at ungen blir født for seint på året, vente i mange månader før dei får plass. Då kan vi ikkje seie at vi har full barnehagedekning, meiner lokalpolitikaren.

Som sosialdemokrat er han oppteken av at det offentlege skal ha ansvaret for velferda til befolkninga.

– Eg er ikkje nøgd med dei private løysingane som har blitt tekne i bruk fleire stader. Eg arbeider for fellesskapsløysingar, slår Skard fast.

Sjølv om han nå går av som KS-styreleiar, så har han i alle fall fire år att som lokalpolitikar i Bærum.

– Den tillitserklæringa som partiet har gitt meg gjennom mange år, opplever eg som stor. Eg føler også eit stort ansvar og ei stor glede ved å få ein slik tillit. Samstundes er det utfordrande, seier han takksam.

Kvar dag i 20 år har han reist med buss frå Lysaker til KS-huset midt i Oslo.

– Det å vere styreleiar i KS har vore eit verv der eg har fått vore innom dei fleste politiske områda og har treft mange spennande menneske. Det er framleis ting eg kunne tenkt meg å gjere noko med og vere med på i KS, men heldigvis er det andre som kan gjere den jobben. Ingen er uunnverleg, sluttar den avtroppande KS-styreleiar.

## SJØLVMELDING

**Namn:** Halvdan Skard

**Alder:** 72

**Bur:** På Lysaker i Bærum

**Sivil status:** Gift

**Aktuell:** Går av som styreleiar i Kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon KS etter 20 år med vervet

**Les:** Ofte krim, men har i det siste lese bøker av den islandske forfattaren Jón Hallur Stefánsson

**Høyrer på:** Klassisk og jazz

**Førebilete:** Ingen spesielle

# Medviten trespråkleg kommune

**Storfjord kommune i Troms oppretta det første trespråklege språksenteret i landet.**

Elin Moen Karlsen  
elin@norsk-plan.no

I fjor haust gjekk kommunestyret inn for at kommunen får namn på både norsk, finsk og kvensk.

– Kommunestyret vedtok samrøystes i 2007 at norsk, samisk og kvensk skulle vere tre likeverdige kulturar og språk i Storfjord. Bakgrunnen for dette er busetningshistoria, fortel oppvekst- og kultursjef May Tove Lilleng til LNK-Nytt.

Dei tre språka levde side om side i mange år, men på 1930-talet bygde staten internat kor elevlar med samisk og kvensk språk skulle bu for å lære å snakke norsk. Dei skulle også haldast borte frå heimane der det blei snakka samisk eller kvensk.

– Dette førte til at mange mista språket sitt. Far min kunne tre språk, norsk, samisk og kvensk, medan eg kan norsk, engelsk, tysk og fransk, seier oppvekst- og kultursjefen.

Nå har det blitt viktig både for kommunen og staten å tilbakeføre det samiske og kvenske språket i det vesle samfunnet inst i Lyngenfjorden i Troms.

– Det er eit langvarig arbeid. Hos ein del eldre menneske finst det nok framleis haldningar som at det samiske og kvenske



**TRE NAMN:** Storfjord kommune heiter også Omasuona suobkan på nordsamisk, og på kvensk Omasuonon/Isouonon komuuni. (Foto: Storfjord kommune)

språket ikkje er bra nok. Nå skal vi sakte, men sikkert snu dette og gjere oss alle stolte av språka og kulturane våre, slår Lilleng fast.

## NÆR FINLAND

I dag har 40 prosent av elevane i grunnskulen i Storfjord kvensk eller finsk som andrespråk. 10 prosent har samisk.

– Det tek ein halv time å køyre frå oss og inn i Finland, det er noko av årsaka til dette. Samhandling har blitt viktig, fortel Lilleng.

I rådhuset i administrasjonssenteret Hatteng er alle skilta på tre språk, det same gjeld på skulane og i barnehagane.

I 2009 oppretta Storfjord kommune det første trespråklege språksenteret i

Noreg med støtte frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Sametinget, Troms fylkeskommune og Storfjord kommune finansierer nå dette senteret, som har to fast tilsette.

– Vi har eit kontor i samfunnshuset i Skibotn som husar språksenteret, men dei skal vere mest moglege ute blant folk. Dei er mellom anna i skulen og held kurs i finske sanger, kunst og handverk og språk, seier oppvekst- og kultursjefen.

Framleis står det att mykje arbeid for å sidestille dei tre språka i Storfjord kommune, mellom anna med nettsida til kommunen.

– Før blei det sett på som negativt med tre språk, men nå er det i ferd med å snu. Fleire og fleire erkjenner at det eigentleg er verdfullt med tre språk. Vi merkar at

det har skjedd ei haldningsending, for vi får veldig få negative kommentarar, fortel Lilleng.


## – KAN VERE STOLTE

Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, har lagt merke til innsatsen Storfjord kommune har gjort for dei tre språka sine.

– Noregs Mållag synest det er veldig bra at Storfjord kommune har vedteke å bruke både samisk og kvensk namn på kommunen. Å vere ein trespråkleg kommune er sjeldan, og Storfjord kommune har all moglege grunn til å vere stolt av seg sjølv, byrjar mållagsleiaren.

– Det er om lag 6000 språk i verda. Mange av desse er truga, av ulike årsaker. Ei viktig årsak til at språk døyr, er at språket ikkje blir brukt. Dess mindre vi bruker eit språk, og dess sjeldnare vi møter eit språk, dess større er sjansen for at generasjonane etter oss ikkje kjem til å møte språket. Derfor er det godt at kommunar som Storfjord kommune brøyter veg og viser at språkleg mangfald er eit gode som vi bør verne om og bruke mest moglege, held han fram.

Porsanger og Tana i Finnmark er også trespråklege kommunar. Kvensk er eit språk som snakast av etterkommalar av finskspråklege menneske som kom til Nord-Troms og Finnmark. Språket er basert på finsk, men har ei rekke norske låneord, fortel Wikipedia.



DET ER 430  
KOMMUNAR  
I NORGE

**KBN** Kommunalbanken  
Norge

- me er til for alle

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering, slik at kommunen kan realisera sine mål.

**Sunnhordland**  
MEDIETILBUDET

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar  
i ditt  
nærområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

**EKSTRA!**  
PROFILERING  
PÅ FRAMSIDA  
sunnhordland.no

sunnhordland.no

17.500\*  
unike brukarar  
169.000\*  
sidevisingar

\* I snitt pr. veke

# – Tøft å vere i Robek

Jølster kommune i Sogn og Fjordane har vore under statleg økonomisk styring i to periodar. Det har ikkje vore lett å vere verken politisk eller i administrasjonen i desse periodane.

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

Fokuset på økonomi gjennomsyra alt arbeid og alle prioriteringane.

– Vi var så ekstremt fokuserte på økonomi. Vi utøvde ikkje aktiv politikk i desse periodane, fortel tidlegare Jølster-ordførar Gerd Dvergsdal (Sp). Ho var første kvinnelege ordførar i kommunen frå 1995 til 2011.

Første gongen Jølster kommune kom inn under statleg økonomisk styring, var i 1995. I 2001 kom dei seg ut av det, men i 2003 var dei tilbake i Robek. I 2009 klarte dei igjen å jobbe seg ut.

– Ein blir litt uthengd som Robek-kommune. Media er med på dette. Samstundes vil ein gjerne gi innbyggjarane i kommunen eit godt tenestetilbod, men ein kan ikkje bruke pengar på meir enn det absolutt mest naudsynte, fortel den tidlegare ordføraren.

– Det kommunale tenestetilbodet blir ståande på staden kvil. Vi prøvde å kutte i administrasjonen, lét vere å kjøpe inn naudsynt materiell til skulane, heldt aktivitetssenteret for dei eldre ope berre annankvar dag. Det smerta mykje at det ofte blei dei svakaste som måtte tape. Det var ein sparekniv over alle tenestene, samstundes som vi måtte drive lovleg, held ho fram.

– På ein måte kan det vere behageleg å vere ein Robek-kommune. Det politiske arbeidet går då berre ut på å halde seg

**RAUDE TAL:** På det meste har 118 kommunar og fylkeskommunar vore i Register for betinga godkjenning og kontroll, Robek. (Foto: Colourbox.no)

innanfor budsjettet. Den politiske debatten blir lågmælt, og kutta må ein ta anten ein likar det eller ikkje, seier Dvergsdal.

## GODT SAMARBEIDSKLIMA

Dvergsdal peikar på at samarbeidsklimaet, både blant politikarane og administrasjonen i kommunen, var godt i desse åra under statleg styring.

– Sjølv om det var utarmende for politikken og sjølvråderetten, så var vi samstemte med administrasjonen og tenesteleiarane. Dei gjorde ein formidabel innsats i desse periodane, slår ho fast.

Ho er veldig glad for at ho kunne forlate ordførarstolen i ein kommune som var utanfor Robek.

– Vi brukte like mykje krefter på å halde oss utanfor Robek som då vi var inne i

systemet. Vi var så medvitne om at vi ikkje ville inn igjen, konstaterer Gerd Dvergsdal.

Ho fortel at på 2000-talet var 17 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane i Robek-registeret og under statleg økonomisk styring.

– Det var ikkje slik at vi sløste med midlane våre, men vilkåra for å drive ein kommune var så dårlege, med manglande midlar til lovpålagte oppgåver og andre krav som blei stilte til oss. Det var eigentleg lita trøyst i at mange andre kommunar også sleit som oss, slår Dvergsdal fast.

I 2005 fekk kommunane eit økonomisk lyft med auka statlege midlar.

– Hadde ikkje dette skjedd, trur eg ikkje vi hadde kome oss ut av Robek, trur den tidlegare Jølster-ordføraren.

Gerd Dvergsdal fortel at den siste biten av vegen ut av Robek var ekstra tung.

– Det var ikkje akkurat nokon sigersrus då vi kom oss ut med 2008-budsjettet, sjølv om vi var glade for det. Vi strevde så lenge med den siste biten, sluttar ho.

## TUNGT I ADMINISTRASJONEN

Tidlegare rådmann Arne Jostein By merka også det store fokuset på økonomi i sitt arbeid.

– Det blei altfor mykje fokus på økonomi, både blant leiarane og vidare ut blant dei tilsette. Det var ein del frustrasjon blant dei tilsette fordi det blei for lita tid til fagleg utvikling og det å setje seg faglege mål. Det hadde vi jo ikkje ein sjanse til å snakke om så lenge økonomien ikkje tillét det, slår By fast.

Han sat som rådmann frå 1996 til 2009 og opplevde dermed begge periodane under statleg økonomisk styring som rådmann.

– Var det tungt å vere «den store stygge ulven» som øvste administrative leiar i desse periodane?

– Det var tungt å vere han som måtte kome med bodskapsen om innstramingar til dei tilsette, men den positive haldninga vi møtte hos politikarane og gode medarbeidarar, gjorde at det likevel ikkje var så ille å vere rådmann. Eg trur det mange gonger var verre for dei som jobba ute i tenestene og måtte ta imot kjefte frå pårørande og foreldre som ikkje var nøgde med det tilbodet dei fekk, seier den tidlegare rådmannen.

By peikar på at klart definerte roller var avgjerande for at Jølster kommune klarte å arbeide seg ut av Robek.

– Ein av kjepphestane mine gjennom alle år i offentlig forvaltning har vore at ein må ha ei klar oppfatning av kva rolle administrasjonen har, og kva rolle politikarane har. Når vi var klare over desse rollene, og samarbeidsklimaet var så bra, då var det moglege å diskutere løysingar i fellesskap og gå vidare, fortel den pensjonerte rådmannen.

## MEDIEPRESS

Arne Jostein By merka også presset frå media.

## SITATET:

– I ein skule der ein tek vekk ting som er vanskelege i staden for å gjere det meir interessant, blir språkundervisninga vassen, som ein dårleg frosenpizza.

Nynorskforkjempar og Høgre-politikar Arne Hjeltnes til NRK



**VANSKELEG:** Gerd Dvergsdal (Sp) var ordførar i Robek-kommunen Jølster, og meiner det er vanskeleg å gjere innbyggjarane eit fullgodt tenestetilbod når ein ikkje rår over eigen økonomi. (Foto: Helse Vest)

– Media kunne vere med på å forsterke det negative fokuset, slik at folk opplevde at dei fekk eit dårlegare tenestetilbod enn kva dei faktisk gjorde. Media såg ofte ikkje den store sammenheng, men var mest opptekne av små detaljar, peikar han på.

Jølster kommune var i den siste perioden under statleg økonomisk styring på grunn av følgjande brot på kommunelova paragraf 60 nr. 1 bokstav b, c og d: «b. kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette ein økonomiplan uten at alle utgifter er dekket inn på økonomiplanen, c. kommunestyret eller fylkestinget etter paragraf 48 nr. 4 har vedtatt at et regnskapsmessig underskudd skal fordeles ut over det påfølgende budsjett etter at regnskapet er framlagt, eller d. kommunen eller fylkeskommunen ikke følger vedtatt plan for dekning av underskudd».

I praksis innebar den statlege administrasjonen at Jølster kommune måtte få godkjenning frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane av alle økonomiske vedtak.

– Vi måtte få ja på alle dei tre følgjande spørsmåla før Fylkesmannen godkjende vedtaka vi gjorde: Er det lovpålagt? Følgjer det opp eit pålegg frå staten? Er det sjølvfinansierende? fortel tidlegare rådmann Arne Jostein By.

– Det var ein tøff prosess å kome seg ut av Robek, men då vi kom oss ut, gjorde det godt, og eg følte vi kunne gå vidare med æra i behald på vegner av både kommunen og oss sjølve, sluttar By.

## Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi har for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.

Send Fagforbundet medlem til 1980

 FAGFORBUNDET



Språkråd frå Språkrådet sine nettsider [www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no).

## SPRÅKRÅD

### Språkråd frå Språkrådet

Språkrådet har samla nokre typiske språklege snubletrådar. Heile samlinga finn du på Nynorsk sjølvhjelp på [www.sprakrad.no](http://www.sprakrad.no). Her er nokre dæme.

### Bruk ikkje st-passiv i presens

Aldri: Saka undersøkjest no i departementet.

Men: Saka blir no undersøkt i departementet.

Aldri: Varene vrakast på grunn av dårleg kvalitet.

Men: Varene blir vraka på grunn av dårleg kvalitet.

Hugs at det finst verb som likevel skal bøyast med -st i alle tider, til dømes å minnast - eg minnest. Slike verb står i ordlista.

### Tyda og tyding blir ofte misbrukte:

Aldri: Kva tyding har dette for samfunnet?

Men: Kva har dette å seia for samfunnet?

Aldri: Dette tydde eit stort framsteg.

Men: Dette var eit stort framsteg.

Slik kan vi bruke tyda/tyding:

Signalet tyder at trafikken må stansa.

Det er ikkje så lett å få tak i tydinga av dette ordet.

### Preposisjonen ved:

Tenk over om du kan bruke andre seimåtar.

Nokre dæme:

Ved utsetjing av gjennomføringa av prisstoppen:

Blir prisstoppen utsett, ...

Ved lungebetennelse:

Pasientar med lungebetennelse ...

Ved sjukdom:

Når nokon er sjuk, ...

### Verb:

Nynorsk har ofte laust samansette verb der bokmål har fast samansetning høyra til, leggja fram, leggja føre, svara til, skriva under, skriva ut

Merk: Det heiter berre leggja fram (ikkje framleggja).

Men: dei framlagde sakene

### Bokmålsfarge i nynorsk:

Gå inn i ein dialog med partane > snakk med partane

Elevane får auka forståing av eit emne > elevane forstår emnet betre

Arbeidet vil skapa tilknytning mellom deltakarane > arbeidet knytter band mellom ...

Det er viktig å tilsteva ei felles forståing ... > det er viktig å bli samde om ...

Det gjekk føre seg ein innmarsj av arbeidarar på ... > arbeidarane marsjerte inn på ...

# Dette er Robek

50 kommunar er i dag underlagde statleg økonomisk kontroll via registeret Robek.

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no

I desse dagar jobbar fylkesmennene rundt om i landet med å gå gjennom årsbudsjetta og rekneskapan til kommunane og fylkeskommunane. Viss ein kommune etter denne gjennomgangen viser seg å vere i økonomisk ubalanse, vil fylkesmannen melde kommunen inn i Register for betinga godkjenning og kontroll, betre kjent som Robek.

Konsekvensen av å hamne i Robek er at kommunen må ha godkjenning frå staten for å ta opp nye lån eller gå inn i langsiktige leigeavtalar. Staten er i dette tilfellet Kommunal- og regionaldepartementet.

## I UBALANSE

Kva det vil seie å vere i økonomisk ubalanse, er definert i kommunelova sin paragraf

60. I følge denne paragrafen vil økonomisk ubalanse vere til stades dersom kommunen har vedteke eit årsbudsjett eller ein økonomiplan utan å ha dekking for alle utgiftene sine. Det kan også vere at kommunestyret har vedteke eit underskot i rekneskapan som blir fordelt utover det påfølgjande budsjettåret etter at rekneskapan er lagt fram, eller at kommunen har ein vedteken plan for dekking av underskot som han ikkje følgjer.

## I 18 PÅ DET MEST

Robek har eksistert sidan 2001. Før den tid måtte alle kommunar ha tilsvarende statleg godkjenning av låneopptak og leigeavtalar. Innmelding i eller utmelding av registeret skjer to gonger i året. Den fyrste runden finn stad omtrent på denne tida, og då som nemnd på bakgrunn av økonomiplan og årsbudsjett. Kommunalar som allereie er i Robek, vil på denne tida få lovlegheitskontrollert budsjetta og økonomiplanane sine. Den andre runden finn stad for sommarene, og då blir kommunane vurderte på bakgrunn av den vedteke årsrekneskapan. Toppåret i Robek var i 2004, då heile 118 kommunar og fylkeskommunar hamna

i registeret. I desember 2007 var talet nede i 42, og sidan då har det lege på pluss minus 50.

## TERRA-SKANDALEN

Det er mange grunnar til at kommunane og fylkeskommunane kjem i den økonomiske ubalansen som skal til for å hamne i Robek. Hennes kommune hamna i Robek i 2008, hovudsakleg på grunn av store økonomiske tap etter Terra-skandalen. Kommunen reknar med å vere ute av lista i 2014. Samstundes gjekk fleire av dei andre Terra-kommunane klar fordi dei greidde å dekkje inn tapa sine på andre måtar enn Hennes.

Avisa Nationen gjorde i haust ei undersøking av Robek-kommunane etter valet. Heilt nøyaktig er denne undersøkinga ikkje, men ho syner at i alle fall 18 av 50 ordførarar frå Robek-kommunane fekk fornya tillit ved kommunevalet.

# Kommune i vekst

– I fjor vart det fødd 90 ungar her, og det er rekord. No må vi ha ein barnehage til, smiler nyvald ordførar Ruth G. Eriksen (H).

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no

Sveio hadde 3,5 prosent folketalsvekst i 2010 og har no passert 5 250 innbyggjarar. Kommunen har blitt ein skikkeleg bukommune, og tilveksten er størst frå Haugesund. Sentrum i Haugesund kommune ligg om lag 15 kilometer frå Sveio sentrum.

Utvikling og vekst kostar, og det merkast godt i ein liten kommune. Oppå dette har to større brannar dei siste åra påført kommunen personlege tap og store kostnader. No har kommunen bygd opp att omsorgssenteret og rådhuset etter brannane og har i tillegg bygd ny skule i sentrum og ny idrettshall. Byggeaktiviteten er generelt stor rundt om i kommunen.

– Det er kjekt med fleire innbyggjarar, men det betyr også at ein kommune må investere og styrkje tenestetilbodet sitt. Men det må ein berre sjå det positive i, meiner Eriksen.

– Veksesmerter får ein tåle, vi tek ein paracet og går vidare.

## NYTT ARBEID

Utfordringa framover blir å skape nye arbeidsplassar for innbyggjarane. Sveio har tradisjonelt vore ein fiske- og landbrukskommune. Mens landbruket framleis er den største næringa i kommunen, er det per i dag berre ein registrert fiskar att. Ordføraren ønskjer at kommunen no må tenkje stort og utvide horisonten. Med to sterke regionar som naboar, Stord i nord og Haugalandet i sør, er det utfordrande å skulle kjempe om ressursane.

– Det skal kome nytt fengsel i Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, og det vil vi gjerne ha til Sveio, seier ho.

Verdien av arbeidsplassane eit fengsel representerer, er stor, og Eriksen er overtydd om at dette er noko kommunen vil få til.

## SKULEDEBATT

Den nye ungdomsskulen i sentrum har elles vore gjenstand for til dels svært oppheita diskusjonar. Kommunen har her samla alle ungdomsskulane i grenedene, med unntak av ein, under eitt tak i sentrum. Det var ei avgjerd ikkje alle var samde i. Ruth Eriksen var ei av dei som var for å samle skulane, også barneskulane. Ho meiner dette var naudsynt, og



NYTT HUS: Etter ein brann i rådhuset i 2008 består buset no av bygg frå tre ulike periodar. (Foto: Toyni Tobekk)



NY I STOLEN: Ruth G. Eriksen (H) hadde vore folkevald i Sveio kommune i åtte år då ho vart vald til ordførar hausten 2011. (Foto: Toyni Tobekk)

trur skulesamanslåinga vil styrkje skulen. Protestane den gongen var mange og sterke, men det var også dei som var samde, seier ho.

– Eg var ein av dei som ønskte å slå saman også småskulane. Eg fekk det ikkje som eg ville då, men eg tek gjerne kampen igjen.

## NORD ELLER SØR?

Kommunesamanslåing er ikkje eit politisk tema i Sveio. Ikkje no, i alle fall, men ordføraren meiner det må kome. – Viss vi ikkje gjer valet, vil det bli gjort for oss, trur ho. På spørsmål om kven som er den mest aktuelle samanslåingspartnaren

for Sveio, peiker ho på Haugesund i sør. Men ho er klar på at meininga truleg vil vere annleis dess lenger nord i kommunen ein kjem, der Bømlo og Stord er meir naturlege naboar. Det vil bli eit nord-sør-val. Vel så interessant er det å diskutere storleik. Å slå saman to kommunar er ikkje nok, og spesielt ikkje to små eller halvstore. Å slå fire-fem kommunar saman til ein er eit rekneestykke ho har meir tru på.

– Vi må gjere det massivt når vi først skal gjere det. Men vil folk engasjere seg og føle tilknytting til dei politiske sakene i ein kommune når avstandane blir så store? Det politiske engasjementet heng ikkje på kommunens storleik, meiner ho og peiker på Karmøy kommune. Denne nabokommunen i sør har 40 000 innbyggjarar, men er kjende på Haugalandet for å ha høg politisk temperatur.

Uansett kva utfallet av ein eventuell samanslåingsdebatt blir, så er ordførar Eriksen overtydd om at økonomi aldri bør bli det berande argumentet.

– Vi veit i dag at det ikkje sparer pengar å slå seg saman. Målet med samanslåing må vere å få eit betre tenestetilbod for innbyggjarane våre.



**Ruth G. Østebøvik Eriksen (H) er ordførar i Sveio kommune**

Kommunestyret i Sveio er sett saman av 25 representantar frå 7 parti: H (6), FrP (5), KrF (4), Ap (5), Sp (3), V (1) og Miljøpartiet De grønne/SV (1). Høgre har ordføraren og KrF varaordføraren. Høgre, FrP og KrF har eit fleirtalssamarbeid i kommunestyret.

Sveio kommune ligg på ei halvøy sør i Hordaland. I sør grensar Sveio til Haugesund og Tysvær, i vest til Bømlo, i nord til Stord og i aust til Vindafjord. Dette er Hordalands sørlegaste kommune, og han har fastlandsgrense berre til Rogaland.

Sveio er tradisjonelt ein fiskerikommune, men i dag finst det berre ein registrert fiskar att i kommunen. Landbruk er i dag den største næringa i Sveio.

Kommunen har to større tettstader: Sveio sentrum og Førde. Kommunen er i vekst, med stor tilflytting frå Haugalandet. Ved siste teljing budde det 5 250 innbyggjarar i Sveio kommune.

Illustrasjon: Gerbard Stoltz



# Fram med maten

Gastronomiske middagsmenyar på kafeane, eller abonnementsordning for middag. Det er mange måtar å få den lokale maten fram i lyset på.

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no

I Sveio blir det no jobba intenst med å finne og få fram lokale matproducentar. Gjennom forprosjektet «Ta maten tilbake» skal det kartleggjast kva som finst, og korleis dette kan gjerast tilgjengeleg for innbyggjarane. Lillian Olsen er tilsett som prosjektleiari gjennom Kystlandskapsparken, og ho driv i desse dagar og rundar av forprosjektet. Målet er at forprosjektet skal munne ut i eit nytt og større prosjekt.

– Sidan vi starta i mai i fjor, har vi skaffa oss god kunnskap om dei lokale produsentane, om prosessar for tilverking og om lovverket, seier Olsen.

«Ta maten tilbake» har no knytt til seg produsentar av østers, sauekjøt, lynghonning, matjessild, saft og syltetøy og bakverk. Det einaste som manglar for å få eit komplett måltid, er grønnsaker, peiker Olsen på. Men ho vil gjerne ha med fleire kjøt- og sjømatproducentar også. Alle bøndene i kommunen er blitt kontakta i løpet av året, og dei er det mange av i landbrukskommunen Sveio. Men storskalaproducentane har ikkje vore så interesserte, det er helst dei små som har meldt seg, fortel ho.

## MANGE IDEAR

Forprosjektet har i tillegg til kartlegging av dei lokale ressursane sett på korleis ein kan ta desse i bruk og få dei ut til folk. Ein tanke har vore å starte eit multifunksjonelt kjøkken, men det stiller store krav til lokale og personale. Ei anna løysing kan vere å tilby ei abonnementsordning på middag. Det har også vore



FRAMHALD: Prosjektleiari Lillian Olsen håper det blir råd å balde fram med å ta maten tilbake. (Toyni Tobekk)

halde lokale marknader, og dette er noko ein kan ta med seg vidare viss det blir eit nytt prosjekt. I haust vart det også halde ei samling på landemerket Ryvarden fyr, kor menyen var ein kystbuffé av lokale råvarer. Sveio var tidlegare ein stor fiskerikommune. No er her berre ein registrert fiskar att, i tillegg til fleire oppdrettarar.

## VIL AUKE PRODUKSJONEN

Kystlandskapsparken fekk 180 000 kroner av Fylkesmannen i Hordaland og landbruksavdelinga hjå fylket for å kome

i gang med forprosjektet. Utfordringa no framover blir å få etablert eit fast prosjekt, og til det trengst det betydelege midlar. Men Olsen er ikkje i tvil om at prosjektet har livsrett. «Ta maten tilbake» har knytt til seg produsentar som allereie er i gang med å selje egne produkt, og håpet er at ein skal kunne stimulere fleire til å auke produksjonen sin og få råvarene ut av garden og inn på borda heime hjå folk.

– Dette med kortreist mat er veldig i tida no. Unge vaksne er svært opptekne av mat, og dei bryr seg om kor maten kjem frå. Det er dei som kan finne på å køyre

nokre ekstra mil for å få kjøpt det lokalt tilverka pinnekjøtet, seier Lillian Olsen. Ho meiner derfor det er grunn til optimisme på prosjektet sine vegner. Forprosjektet «Ta maten tilbake» skal avsluttast 1. mars.

# Styrker lokalområdet

Folk på Haugalandet valfartar til fyret Ryvarden på søndagstur. No kan det hende dei kan trimme litt ekstra undervegs.

TOYNI TOBEKK  
toyini@norsk-plan.no

Kystlandskapsparken i Sveio jobbar stadig med å finne nye og gode prosjekt som kan skape trivsel og stimulere til ny næring i kommunen. Dette året skal dei mellom anna sette trimmen i høgsetet, og dei håpar å få sett ut trimapparat langs turvegen ut til Ryvarden, seier dagleg leiari i Kystlandskapsparken, Brith Inger Dirdal Engan.

– Vi er no i dialog med utviklarar av trimapparat for å sjå kva vi kan få til. Vi har jo sett liknande bruk av trimapparat i det offentlege rommet, mellom anna

på NRK, der det i programmet Puls blei presentert noko liknande. Forhåpentleg kan det bli enno meir av det, med benker og kanskje ein lavvo.

## TRADISJON OG NYSKAPING

Engan forklarar at heile poenget med landskapsparkane er å ta i bruk den lokale kulturen og tradisjonane på plassen for å skape noko nytt.

– Tradisjonane ligg nedlagde i folk. Vi ønskjer å få til samarbeid på tvers av kringar som kanskje tidlegare har stått mot einannan, for å utvikle kulturopplevingar og næring.

Prosjektet skal vere nærmast som ein handlangar for kommunen når det gjeld å skape trivsel og dialog, forte ho.

## NASJONALT PROSJEKT

Kystlandskapsparken i Sveio har eksistert sidan 2010 og har per i dag to tilsette i deltidd. Dagleg leiari Brith Inger Dirdal

Engan har ein 15 prosents stilling i tillegg til at ho er styreleiari i parken. I tillegg jobbar ein prosjektmedarbeidar i deltidsstilling spesifikt med eit matprosjekt.

Kystlandskapsparken er ein av ni landskapsparkar i Hordaland. Namnet Landskapspark sprang opphavleg ut frå Unesco med definisjonen «eit bygdestyrt utviklingsområde med høg landskapsverdi». Fylkesmannen i Hordaland vart initiativtakar til landskapsparkane i sitt fylke. Føremålet med landskapsparkane er å ta vare på område av kulturell og samfunnsmessig verdi og skape ny aktivitet i desse. Det finst andre og forskjellige park-prosjekt rundt om i landet, og alle parkane vart frå i år av samla under Kommunal- og regionaldepartementet. Det betyr at kvardagen blir noko annleis for Kystlandskapsparken samanlikna med tidlegare.

– Til no har vi søkt om midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. No skal alle

parkane i landet søkje om midlar ut frå ein og same pott, og då gjeld det om å skjerpe seg, slår styreleiaren fast.

Kystlandskapsparken satsar derfor no på å vidareføre matprosjektet «Ta maten tilbake» og på at trim-tankane og andre prosjekt som kan auke trivsel og engasjement, vil skape vekst i kultur- og næringslivet i Sveio.

# Med hjarte for det økologiske

**For Ellen og Svein Magnus Tveit handlar økologisk og lokal matproduksjon om å utnytte ressursane som finst, så mykje som mogeleg.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Kortreist og rein mat er i skotet for tida. Det er spesielt yngre vaksne som er opp-tekne av kva mat dei set på bordet, og som har tankar om kor maten er produsert, og på kva vis han er dyrka, seier Ellen Tveit. Ho og ektemannen Svein Magnus har drive med økologisk sauehald på garden sin på Eltravåg i Sveio sidan midten av nittitalet. Dei har i skrivande stund 80 vinterføra sauer på garden, men nokre skal snart til slakt. Sauene går ute heile året, men har sauehus dei kan gå inn i viss vèret blir for stridt, og her blir dei også føra kvar dag. Denne dagen lurar Ellen på om ho må ta turen ut og jage dei ut av sauehuset ei stund, dei har helst halde seg under tak i striregnet.

## IKKJE STØRRE

Ekteparet og dei tre barna på 10, 16 og 18 år bur på Eltravåg økologiske gard og driv småskala landbruk. Dei har ikkje ambisjonar om å utvide særleg i framtida. Båe to jobbar i kommunen utanom garden, han i plan- og næringsavdelinga og ho i kulturavdelinga.

Den vesle garden på 25 mål, og eit tilsvarende tilleggsareal på heimegarden til Svein Magnus, tillet ingen ekspansjon. Men det er uansett tanken bak dyrehaldet som tel mest, meir enn profitt og utviding. Ellen og Svein Magnus er opptekne av å utnytte ressursane dei har tilgjengeleg, fullt ut og på ein måte som er skånsam for miljøet. Med ei fortid i Natur og Ungdom var det heilt opplagt for båe to at dei måtte bli økologisk drift. Ellen kjem ikkje sjølv frå gard, men trivst godt med produksjonen på det nivået han er no.

Slaktet leverer dei i dag via Nortura, men dei legg ikkje skjul på at det hadde vore gildt å kunne levere rett til ein for- edlar som var spesielt oppteken av det økologiske perspektivet, eller direkte til forbrukar.

## SEL SKINNET

Det er ikkje berre kjøtet som blir nytta, også skinnene frå den delen av besetninga som er av typen farga spælsau, blir nytta.



**AKTIVE:** På det meste har Svein Magnus og Ellen drive sju bruk, men då gjekk livet mykje med til å gjerde. No driv dei fem bruk. – Vi er nøgde med drifta, men det er ikkje den store økonomiske vinsten, seier dei. (Foto: Toyni Tobekk)



**SLUTTPRODUKT:** Skinna blir garva og selde på lokale marknader. (Foto: Toyni Tobekk)

Dei sender skinna til garving i nabo-kommunen og sel dei vidare på lokale marknader eller til naboar og kjende. Det store presset på salet har det ikkje vore, men skinna sel seg sjølv smått om senn, seier Ellen. Langhåra saueskinn av denne typen har mange gode eigenskapar og mange bruksområde. Skinna med hårlengd

under 10 cm kan til og med vaskast i vas-kemaskina, forklarar ho, så dei kan vare riktig lenge.

## FÅ ØKOLOGISKE

Landbruk er den største næringa i Sveio kommune, og gardane spenner frå store gris- og mjølkeproducentar til småbruk å

la det på Eltravåg. Så vidt ekteparet Tveit kjenner til, er det per i dag berre 5 gardar i Sveio som driv økologisk med godkjenning frå Debio. Debio er ein kontrollinstans for økologisk landbruk i Noreg. Økobøndene høyrer til mindretallet blant bøndene i Sveio, men for Ellen og Svein er det uansett motiverande at dei er fleire om å drive økologisk i nærmiljøet.

Det siste året har dei også involvert seg i «Ta maten tilbake», eit forprosjekt knytt til Kystlandskapsparken i Sveio.

Her er tanken å samle lokale ressursar på foredling og produksjon av mat og slik få til eit større tilbod av lokal mat og gjere maten tilgjengeleg for folk gjennom abonnementsordningar, spesialbutikkar og kafear. Ellen var i oppstarten involvert i Kystlandskapsparken, som er paraplyen over matprosjektet. No er forprosjektet i ein avsluttande fase, og det knytter seg spenning til om det kan få leve vidare og utvikle seg. I desse dagar, då spesielt unge familiefolk er opptekne av kor maten deira kjem frå, og kortreist mat er blitt eit heidersuttrykk, bør det vere mogeleg, meiner dei.

## SITATET:

– Haugalandet og Sunnhordland må sammen bli atskillig mer tøffere i å ta posisjonen som landets største og viktigste maritime region.

NHO's regiondirektør i Rogaland, Halvard Ween til avisa Karmsund

# Avis i vinden

**Før valet i fjor fekk lokal-avisa Vestavind så mange lesarbrev at dei måtte utvide avisa med fleire sider.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

21 lesarbrev på ein gong, det skjer ikkje ofte. Det var nok valet som sette sinna i kok i Sveio den gongen. Men Vestavind har trufaste og engasjerte lesarar som ikkje er redde for å seie meininga si om saker som skjer i kommunen. Eller om avisa, for den del.

– Eg føler vi har stort truverde blant lesarane våre, seier journalist Kari Haukås. – Dei er flinke til å bruke oss og kjem med innspel og tips.

Redaksjonen opplever også at det er gode og opne kanalar mellom avisa og dei folkevalde og kommuneleinga.

## KONKURRERER OM ANNONSAR

Vestavind kjem ut ein gong i veka og ligg då i postkassen til dei aller fleste innbyggjane i Sveio. Trass i at Haugesund kommune og Haugesunds avis ligg geografisk svært



**LITEN REDAKSJON:** Redaktør Irene Flatnes (t.v.) og journalist Kari Haukås er to av tre tilsette som jobbar redaksjonelt i avisa Vestavind. (Foto: Toyni Tobekk)

nær kommunen, er det ikkje lesarane dei to avisene slåst om.

Vestavind-redaksjonen trur dei fleste i Sveio held begge avisene, og meiner avisene utfyller kvarandre godt. I den grad det er konkurranse mellom avisene, er det nok meir innan annonsemarknaden, meiner redaktør Irene Flatnes.

## MÅ VERE FLEKSIBLE

No er avisa inne i sin 26. årgang, og redaksjonen har slått seg til i nye lokale saman med spa- og treningssenter, legar og fysioterapeutar på Albatross senter i utkanten av Sveio sentrum. Utanfor vindauge er det utsikt til golfbanar og nye bustader som sprett opp. Turen ned til sentrum er kort, og journalistane støvar ikkje ned på kontoret. Avisa kjem ut kvar torsdag og blir sendt til trykk på tysdagar. Dagane før utgjeving kan vere hektiske. Med ein så liten redaksjon er det viktig å ha folk som er fleksible og kan brukast til mykje. – Er ein av oss sjuk den dagen avisa skal setjast, må andre kunne trø til, smiler redaktøren.

## SPRÅK-VIT

Vestavind blir redigert på nynorsk, og følgje redaksjonen er ikkje språk og

målform noko tema, verken i kommunen eller i avisa. Det går av seg sjølv. Også den nyttilsette redaktøren har funne tilbake til nynorsken ho hadde på skulen som barn. Ho gjekk 3 år på media og kommunika-sjon på vidaregåande på Stord og jobba i Haugesunds avis og i eit reklamebyrå i Haugesund før ho kom til Vestavind. Desse åra føregjekk det skriftlege på bok-mål, men det gjekk lett og greitt å vende tilbake til nynorsken då ho tok til i avisa før jul, seier ho. Kari Haukås, som er den med lengst fartstid i Vestavind-redaksjonen, er òg klar på at det berre er éi målform som gjeld: Det må vere nynorsk i Sveio.

## VESTAVIND

Lokalavis i Sveio  
Inne i 26. årgangen  
Nynorskavis  
Opplag på 1664  
5 tilsette  
Redaktør er Irene Flatnes

## FJORDVEGEN

## DIKTARVEGEN

## KONFERANSE PÅ HOTEL ULLENSVANG 20. – 22. MARS 2012

Fjordvegen (Rute 13) er samferdsleåra som går frå Jæren gjennom Ryfylke, Hardanger, Sogn og Fjordane og til Sunnfjord.

Selskapet IS Fjordvegen og prosjektet Diktarvegen har etablert eit nytt selskap, Fjordvegen Diktarvegen AS. Målet er å fremja utvikling av både vegen, kulturen, nærings- og reiselivet langs ruta.

Konferansen i 2012 har som tema å peika på strategiar for korleis det nye selskapet skal arbeida og samstundes bidra til å forankra ideen og det nye selskapet hjå aktuelle samarbeidspartar.

Påmelding til: [post@aurlandprosjektteneste.no](mailto:post@aurlandprosjektteneste.no)  
Tlf: 57 63 11 95 eller 907 85 950

Frist for påmelding: 5. mars



MEIR INFORMASJON OG FULLT PROGRAM:  
[www.diktarvegen.no](http://www.diktarvegen.no) eller [www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)

Konferansen startar med ein innholdsrik kulturkveld på Hotel Ullevang tysdag kveld, med utdrag frå Vestlandsrevyen II og konsert med Sigrid Moldestad.

Innleiarane på konferansen representerer kultur- og næringsliv, offentlig og privat sektor, organisasjonar og politikk:

Solfred Borge, ordførar i Ullevang Herad og styreleiar i Fjordvegen Diktarvegen AS  
Anne Grethe Bakke, dagleg leiar i Destinasjon Voss  
Inger Undheim, dagleg leiar for Nasjonalt Garborgsenter  
Arnstein Menes, leiar av Samferdsleutvalet i Sogn og Fjordane  
Per Ritzler, assisterande prosjektleiar for Nasjonale turistveggar  
Edmund Ume, 4. generasjon på Hotel Ullevang  
Magnhild Meltveit Kleppa, Samferdsleminister  
Bjørn Alsaker, Statens vegvesen – Region Vest  
Terje Vareberg, styreleiar i Norsk Hydro ASA  
Harm-Christian Tolden, direktør i Norsk publikumsutvikling  
Finn Tokvam og Bård Ose, parhestane frå radioprogrammet P.I.L.S.  
Mona H. Hellesnes, Fylkesvaraordførar i Hordaland og medlem av Vestlandsrådet  
Jenny Følling, Fylkesvaraordførar i Sogn og Fjordane  
Terje Halleland, Fylkesvaraordførar i Rogaland  
Putte Svensson Sahlén, kulturreprenør og grunnleggjar av Rockcity og Hultsfredfestivalen i Sverige.

Arrangør: Fjordvegen Diktarvegen AS

## SONG... BØKER... TEATER... SPRÅK... TEKNOLOGI...

## LEIK... NYNORSK...

tral... lla... la ha...

Treng du innspel til det praktiske kulturarbeidet i barnehagen din? I kulturavisa Pirion finn du gode reportasjar, bokmeldingar og tips til korleis din barnehage kan bli ein god kulturbarnehage. Du finn oss på: [www.pirion.no](http://www.pirion.no) twitter.com/avisapirion Facebook

**Pirion**

- kulturavis for barnehagar og skular

# Fekk oppfylt draumen

**Anna R. Folkestad (28) har som mål å lage den ultimate barneboka for barna sine. I fjor haust fekk ho oppfylt ein mangeårig draum. Då lanserte ho boka om Henrik And.**

AV ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

– Ideen om å lage egne bøker dukka opp då Adrian (7) var liten. Eg såg kor kjekt vi hadde det i lag med bøker. Tenk viss eg kunne lage ei barnebok som nokon kunne hugse når dei blei store. Eg ville prøve å lage den beste boka eg kunne tenke meg, til ungene mine, seier Anna R. Folkestad.

Det er stille rundt ho. Ikkje lenger lydar frå bilmotor på veg til barnehagen på Heiane og ivrige barnerøyster som vil ha merkemda hennar. Mannen har teke over middagslaginga.

– Ikkje noko problem, seier trebarnsmora leande når vi lurar på om vi uroar ho i den travle kvardagen.

Anna R. Folkestad er illustratør. Ho teiknar mykje. Fuglar og menneske i alle tenkjelege og utenkjelege situasjonar. Frå Henrik And, som har lyst å vere noko anna enn han er, til triste og stórauga wompar, mødrer med utarma hengepupper, sørgmodige strekmenn, men kanskje mest av alt fuglar.

Sjølv kvitrar ho. Røysta i telefonen er full av smil og latter. Overskot og livsglede.

## EI MISNØGD AND

Det byrja med boka om Henrik And. Ho presenterte ideen med enkel tekst og illustrasjonar for Samlaget-redaktør Erle Stokke på Falturiltu-festivalen på Stord i 2010.

Året etter var ho med på festivalen med boka i handa, takka vere eit velvillig forlag, bekkenløyising og eit spedbarn som sov mykje. Boka om Henrik And er fargerik, har klare og enkle strekar og handlar om ei litt misnøgd and som blir glad til slutt. Men det kjem meir.

– Til hausten kjem det to bøker om pingvinane Unni og Gunni, og til neste år kjem det endå ei bok om desse to, fortel Folkestad.

Desse bøkene har preposisjonar og det å blande fargar og motsetningar som tema.

– Å lage barnebøker gjev meg høve til å utfolde meg mykje bileteleg, og det er det eg er – ein illustratør. Eg set ord på bileta og ser for meg korleis boka skal sjå



**ALLSIDIG:** Illustratør og skribent Anna R. Folkestad boblar over av nye bokprosjekt. Nå turnerar ho med debutboka Henrik And, som kom ut på Samlaget i 2011. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

ut, før eg skriv teksten, fortel den nybakte barnebokforfattaren.

– Eg er veldig glad for at eg får lov til å gle ungar med det eg gjer. Eg prøver å lage bøker som er kjekke for dei vaksne også. Eg har jo merka sjølv at eg les bøker for ungene mine som eg sjølv liker å lese, held ho fram.

I januar byrja ho i 70 prosent fast jobb i arkitektfirmaet Arcado i Leirvik på Stord. Det har gjeve ho litt fridom i høve det å lage bøker og vere illustratør. Av utdanning har 28-åringen teikning, form og farge frå vidaregåande, eitt år på Kunstskulen i Rogaland og nettstudium i interior og teknisk teikning.

– Eg og mannen min blei gravide, og sidan har det berre balla på seg med hus, bil, lån og fleire ungar, ler ho. – Men eg må teikne. Eg hadde ein draum om å illustrere andre sine bøker, men å få lage sine egne bøker er jo endå kjekkare.

Nå skal Henrik And lanserast i Russland. – Det høyrer så flott ut å vere barnebokforfattar, eg er jo berre heilt vanleg. Eg forstår ikkje heilt at eg har fått lov til å gje ut bøker. Eg fortalde ikkje til så mange at eg skulle gje ut bok, ikkje før eg hadde boka i handa, seier Folkestad.

## Skifter ut statssekretærar

Statssekretær Erik Lahnstein (Sp) skifter beite frå Utanriksdepartementet til Samferdselsdepartementet, der han blir statsråd Magnhild Meltveit Kleppas høgere hand.

Ommøbleringa blei stadfesta i statsråd fredag. Samtidig blei statssekretær Guri Størvold (Sp) gitt avskjed i nåde, som det heiter. Ho har vore statssekretær i seks år under den raudgrøne regjeringa, først for Åslaug Haga og deretter for Liv Signe Navarsete.

Størvold blir erstatta av rådgivar Erlend Fuglum (33) frå Oslo. Han har hatt ei rekkje verv i partiet, blant anna leiar for Senterungdommen. ©NPK

## STADIG NYE IDEAR

Det kjem nok fleire barnebøker frå Anna R. Folkestad si hand.

– Det dett alltid idear ned i hovudet mitt. Det kan vere setningar ungar seier, eller rare spørsmål, som eg tenker vidare på. Ofte er det ei kjensle eg vil formidle, fortel illustratøren.

Ho får god hjelp på heimebane.

– Eg bruker barna mine aktivt, testar ut idear på dei. Ting som eg synest er bra, er det ikkje sikkert at dei likar. Dessutan er ungar så flinke til å sjå enkle løysingar, seier Folkestad.

Ho reiser litt rundt for tida, til barnehagar og bibliotek, for å promotere boka om Henrik And. Sist var ho i Litteraturhuset i Oslo. Så skal ho til Etna.

Ho føler ho har blitt litt meir rutinert og strukturert nå enn ho var før.

– Med den første boka var eg veldig ivrig. Nå ventar eg til ungene har lagt seg, før eg jobbar. På fredag har eg fast «jobb med boko-dag», seier stordabuen.

– Når eg set meg ned for å jobbe, veit eg godt kva eg skal gjere. Eg har lister som eg følgjer. Eg nyttar tida betre og føler

eigentleg ikkje at det er så tidkrevjande å lage bøker, legg ho til.

Ikkje så tidkrevjande som barna hennar synest, i alle fall.

– Då eg spurde sonen min om det var greit at eg skulle gje ut fleire bøker, sa han berre «endå meir venting», ler Anna. – Han syntest det tok lang tid frå eg hadde levert frå meg det eg hadde gjort, til det kom ei bok i nevene våre.

Kvardagen ventar. Nå er det tid for middag og familie. Anna R. Folkestad trivst godt.

– Eg er veldig nøgd om dagen, sluttar ho med eit breitt smil i røsta.

startside /

Klikk deg  
til meir  
nynorsk!

www.startside.no

# 125 år i teneste for barna

**Ikkje berre er det den eldste nynorskepublikasjonen som framleis kjem ut, det er også eit av dei eldste barneblad i verda. I år feirar Norsk Barneblad 125 år.**

ELIN MOEN KARLSEN / TOYNI TOBEKK  
bladstova@lnk.no

Ein gong i månaden kjem Norsk Barneblad i postkassen til 4000 tingarar rundt om i landet. Bladet har vore den trugnaste publikasjonen barn i alle aldrar har hatt gjennom tidene, i alle fall i Noreg. Også i dag, med eit vell av tilbod på utallige flater, greier bladet å halde stand.

– Med så mykje respons vi faktisk opplever frå dei som les oss, så veit vi at vi har ein viktig plass i livet til mange ungar. Sjølv i mediekaoet vi har no for tida, seier redaktør Nana Rise-Lynnum.

## TREFF LESARANE

Rise-Lynnum er ein av to fast tilsette som jobbar med bladet og ikkje minst med nettsida www.barneblad.no. I tillegg har dei mange faste bidragsytarar på den redaksjonelle sida.

Norsk Barneblad er dessutan eit blad der barna sjølve medverkar i stor grad. Både i bladet og på nettsidene er barna jamleg på banen og kommenterer innhald, sender inn brev til ordskipte, rapporterer om sine største tabbar og spør etter brevener. Siste nytt i bladet er spalta Rampestrekken, der lesarane kvar gong får tips om ein ny rampestrek dei kan utsetje andre for. Det er noko av det beste med jobben, ier redaktøren; det å få bli kjend med så mange flotte ungar.

– Kontakten er jo både formell og uformell. Eg blir stadig spurd om råd og tips – slikt som ikkje skal på trykk i bladet. Eg er meir som ei slags Klara Klok, ein

tydeleg vaksen dei spør om råd når dei står fast i noko. Det ser eg på som ei ære.

## RIKHALDIG PRODUKSJON

Historia om Norsk Barneblad starta i januar for 125 år sidan. Då kom det vesle bladet Sysvorti ut for første gong. Unge Kristen Stalleland frå Grimstad ville så gjerne gje barna noko å lese på sitt eige mål, landsmålet. Ingen av landsmålsforfattarane hadde skrivne bøker for barn på denne tida.

Det første bladet, som kom i 1887, hadde 30 abonnentar, men ved utgangen av året hadde dette vokse til 350 abonnentar. Det er uråd å vite kor mange som har abonnert på bladet gjennom tidene, men det er snakk om fleire hundre tusen. Og talet på lesarar må ha vore langt høgare, fortel historia.

Sidan starten har Norsk Barneblad produsert meir enn 40 000 sider med lesestoff for barn. Og i tillegg kjem meir enn 140 teikneseriehefte og i overkant av 240 bøker.

## POPULÆRT JULEBLAD

Norsk Barneblad si juleutgåve, *Julette*, kom første gongen i 1898 og blei ein suksess. På det meste selde *Julette* opp imot 100 000 eksemplar i laussal. Johan Bojer, Johan Falkberget og Mikkiel Fønhus skreiv alle for *Julette*, medan Lars Osa, Otto Valstad og Jens R. Niissen er nokre av dei som har laga illustrasjonar.

*Smørbukk*, første gong utgitt i 1941, og *Tuss og Troll*, første gong utgitt i 1945, er to urnorske julehefte som Norsk Barneblad har gitt ut. I tidsrommet 1918 til 1988 ga Norsk Barneblads Forlag ut 225 bøker; i tillegg til dei 18 bøkene som blei gitt ut før forlaget blei oppretta.

## JUBILEUMSBOK

I samband med jubileet gir Norsk Barneblad no ut boka *Skrinet med det rare i*. I denne jubileumsboka blir heile forteljinga til bladet presentert. Her er det mykje moro og kuriosa, som tidstypiske tekster



**JUBILERER:** Nana Rise-Lynnum i 125-årsjubilanten Norsk Barneblad har tett kontakt med barna og blir spurd til råds om ting som skal og ikkje skal stå på trykk. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

av typen «dei innfødde villmennene» og jentespeidarar som har «barnestellmerket» som sitt høgste speidarmerke.

Eirik Helleve er forfattar av jubileumsboka. Han er utdanna etnolog frå Universitetet i Bergen og bur på Voss.

## BOKMELDING:

# Eit nynorsk skattkammer

*Skrinet med det rare i*  
Eirik Helleve  
Norsk Barneblads Forlag 2012

Bokmelding av *Skrinet med det rare i*, ei jubileumsbok skriven av Eirik Helleve.

Denne boka gir oss heile den 125 år lange historia om Norsk Barneblad, frå 1887, då den unge Kristen Stalleland frå Grimstad gjerne ville gi barna noko å lese på sitt eige mål, landsmålet, og dermed starta opp bladet Sysvorti, og fram til den moderne utgåva av bladet i dag. Det er ikkje småting det er snakk om, dei ordinære nummera har eit samla sidetal på meir enn 40 000 sider, og det har kome meir enn 140 teikneseriehefter og i overkant av 240 bøker, skriv forfattar Eirik Helleve i jubileumsboka.

I dag som tidlegare er den viktigaste oppgåva til bladet å gi barna lesestoff på nynorsk. Noko har likevel endra seg, skriv Helleve. I dag er det fleire teikneseriar enn før, samstundes som det er meir artiklar enn skjønnlitteratur. I følgje Helleve har bladet framleis mest sympati med landsbygda, men det også kjem tydeleg fram at ungdom i by og bygd har like interesser.


Boka er detaljert og vil gi dei fleste lesarane overraskande fakta og historier. Ho er oversiktleg og kan til tider nesten minne om eit oppslagsverk, der både bladet si historie og redaktørane av bladet blir grundig presenterte. Her møter me mellom andre Rasmus Løland, Klaus Sletten, Paal Kjilland, Olav Norheim og sitjande redaktør – og den første kvinnelege – Nana Rise-Lynnum.

Dei har alle sett sitt preg på Norsk Barneblad gjennom tidene.

Bladet har hatt generasjonar av lesarar, og i jubileumsboka møter ein att både sitat, utdrag, bilete og framsider frå den innholdsrike historia. Helleve stiller vidare spørsmål om Norsk Barneblad vart ei stormakt, slik Stalleland drøymde om tidleg på 1900-talet. Han slår fast at bladet i alle fall har vore viktig for mange – og om det ikkje har same posisjonen i dag som før, så er det framleis eit viktig blad.

Judith Sørhus Littlehamar

# aktuelt: Lars Helle



(Foto: Aftenbladet)

**Namn:**  
Lars Helle

**Alder:**  
Blir 50 i november

**Aktuell:**  
Ny redaktør i Stavanger  
Aftenblad

## Etter 11 år i Dagbladet har Lars Helle nå kome heim for å leie Stavanger Aftenblad mot framtida.

ELIN MOEN KARLSEN  
elin@norsk-plan.no

– Gratulerer som ny redaktør for Stavanger Aftenblad. Kva betyr denne jobben for deg?

– Takk. Det har teke litt tid å fordøye, men nå etter to-tre veker i jobben så har eg funne ut at dette blir kjekt. Eg er midt i smørauget nå. Midt i den regionen eg bryr meg mest om, og får vere med på å setje dagsorden – det er jo egentleg bare kjempekjekt.

– Korleis har du blitt teken imot så langt?

– Eg har blitt teken godt imot. Alle er snille med meg, sjølv om eg ikkje forventar at dei alltid skal vere det. Folk

## På heimebane igjen

har forventningar til meg, og det er positivt. Eg får nesten ikkje gå i fred når eg går på gata. Det er jo eit signal om at avisa står sterkt i regionen.

– Korleis er den nye kvardagen din?

– Eg hadde nesten gløymt korleis det var å bu heime og kunne gjere kvardagslege ting i huset på ein tysdag. Når eg slepp å pendle til Oslo, kan eg også kome meg heim til ei meir normal tid. Mykje er sjølv sagt likt på dei to arbeidsplassane, sjølv om temperaturen er høg til litt andre tider i Aftenbladet enn kva han var i Dagbladet.

– Kva forhold har du til nynorsk?

– Eg har eit positivt forhold til nynorsk. Sjølv om eg har bokmål som hovudmål, så har eg aldri vore blant dei som har hylt ut mot nynorsk som sidemål.

– Korleis kjem du til å endre Aftenbladet?

– Eg kjem ikkje til å gjere nokon endringar i språkpolitikken. Det blir heller ikkje nokon revolusjon i layout eller på andre område. Eg ønskjer at Aftenbladet skal bli litt tydelegare i ein del saker, at vi skal vere meir offensive på nyhendefronten, spisse oss meir og prioritere nyhende. Eg ønskjer også å vere ein pådrivar for den digitale utviklinga til Aftenbladet.

– Kva er du mest oppteken av som Aftenbladet-redaktør?

– Vår posisjon som den viktigaste møtestaden, kulturarenaen og nyhendeformidlaren i regionen. Eg ønskjer også at vi skal vere med på å setje dagsorden utanfor vår eigen region.

– Vi har registrert ein del skepsis i det religiøse miljøet til at du har blitt redaktør i Stavanger Aftenblad. Har dei noko å frykte?

– Mitt livssyn har ikkje noko å gjere med kva avisa skal dekkje og ikkje dekkje. Ein del av oppdraget vårt er å dekkje det som skjer også på den religiøse fronten, og det kjem vi til å halde fram med. Eg er sjølv veldig interessert i dette stoffområdet. Det er

mange som trekk litt for raske konklusjonar om kva eg måtte meine og ikkje meine. Dette gjeld spesielt på det religiøse området og når det gjeld språk.

– Kvifor går du med fargerike strømper?

– Det er eit undervurdert plagg. Det byrja med ein London-tur i 1988. Eg fann mange kule strømper hos Sock Shop. Sidan har eg stadig vore på jakt etter nye fargar, mønster og former. I sommar prøvde eg ut knestrømper i 60-talsstil til shortsene. Det blei ikkje teke så godt imot. Dei som kjenner meg, hadde eigentleg ikkje lagt merke til sokkane mine før media gjorde dei merksame på det. Så det er eigentleg ikkje ei stor sak for meg.

– Kor ofte trenar du?

– Eg spring ute eller på tredemølle to til fem gonger i veka. Eg er ikkje så god på treningsstudio. Eg spring helst ute for meg sjølv eller saman med kompisar. Nå har eg nettopp kjøpt meg tredemølle. I Dagbladet hadde vi tredemølle på jobben, men det har ikkje Aftenbladet, så då måtte eg kjøpe meg ei.



Siv Østrem Peersen (f. 1964), opprinneleg frå Førde i Sunnfjord, busett på Askøy. Ulvetone er debutromanen hennar, om eit ungt kunstnarsinn, om musikk og famileløyndomar.

Foto: Samlaget

## debutanten

Ho ser for seg eit piano som ramlar nedover etasje for etasje, like sakte som dei første snøfnugga om hausten. Ho hører song, det er som om nokon syng pianoet nedover.

Det Norske Samlaget 2012

– Kva er neste løp du planlegg å delta i?

– Eg må helst ha eit løp å sjå fram til for å motivere meg til å trene. Det har vore litt labert i vinter, så eg veit ikkje heilt. Men eg prøver meg kanskje på Berlin Marathon i haust igjen. Der har eg jo vore med dei siste fem åra.

## Terje Torkildsen kan vinne Uprisen for andre gong

Spenningsboka *Dystopia III* er ein av fem nominerte bøker til Uprisen – årets ungdomsbok.

Terje Torkildsen fekk Uprisen første gong i 2009, den gongen for boka *Marki Marco*. No er han på nytt nominert, for boka *Dystopia III*, den tredje i serien om ein gjeng syttenåringar frå International School of Stavanger som er på studietur i London då byen blir ramma av den verste naturkatastrofen i manns minne. *Dystopia*-serien er ifølgje forlaget ein actionfylt spennande serie for utolmodige lesarar frå ca. 14 år og oppover.

Stavanger-forfattaren debuterte i 2008 med ungdomsromanen *Marki Marco*. I 2009 kom den første boka i firebokserien *DYSTOPIA 2014*. Torkildsen er utdanna norsklektor, men arbeider i dag som komikar, skodespelar og kulturprodusent og er kanskje mest kjend som prinsippfast drosjesjåfør i filmen *Mongoland* frå 2001. Den litterære debuten, *Marki Marco* (2008), utvikla Torkildsen i samarbeid med 10.-trinnet på St. Svithun skole i Stavanger.

Uprisen vert delt ut 31. mai i samband med Norsk Litteraturfestival på Lillehammer. Det er ungdommar frå heile landet som stemmer fram vinnaren.

“Eit liv utan draum og tullskap, det vert no vel altfor svart.”

Rasmus Løland, 1861 – 1907



Den 5-årige markeringa av livsverket til Rasmus Løland går no mot slutten, og Stiftinga Rasmus Løland-markeringa ønskjer å takke ALLE som har vore med og bidrege på ulikt vis for 5 fantastisk spennande år!

No tek Ryfylkemuseet over stafettpinnen, og me ønskjer dei lykke til med etableringa av Nasjonalt Løland-senter.

STIFTINGA  
RASMUS LØLAND-  
MARKERINGA  
2007 – 2011

nashornet.no